



Øystein A. Vangsnes

**SPRÅKLEG TOLERANSE I
NOREG – NORGE, FOR FAEN!**

Samlaget
Oslo 2013

© 2013 Det Norske Samlaget
www.samlaget.no

OMSLAG: Merete Dagsgard
FØRTRYKK: Samlaget
SKRIFT: Meta Plus og Minion
TRYKKERI: Nørhaven, Viborg

Printed in Denmark

ISBN 978-82-521-8382-5

Forfatternen har fått tilskot frå
Det faglitterære fond og
Stiftinga Fritt Ord.

INNHALD

- Innleiing og oppvarming:
Er dagens nordmenn språktolerante? 7
- «Nynorsk er noe dritt!
Hvor ligger egentlig nynorge??» 12
- Språkbyte og den pubertale trusselen
mot nynorsk 21
- Den logiske, juridiske konsekvensen av Høgre
og Framstegspartiets vedtekne språkpolitikk 30
- Lat oss vera glade for bokmålet!
Om hugmedvit, språk og levekår 37
- Eigedomspromomen og ein trikkeførars
kamp mot ukorrekt språk 49
- «Hvorfor klarer ikke østlendinger å bruke
spørreord riktig?» 57
- Romsa – byen som ikkje ville vera samisk 70
- Grunnlaget for samisk språk 88
- Fleirspråklegheit – kostnad eller investering? 93

INNLEIING OG OPPVARMING: ER DAGENS NORDMENN SPRÅKTOLERANTE?

Eitt skilt. Eitt einaste skilt på innfartsvegen til Bodø. Riksveg 80. På ei rett strekning omtrent der ein meiner at sentrum av Bodø byrjar. Der, under «Bodø», kvitt på blå bakgrunn slik som på alle offisielle namneskilt frå Statens vegvesen, står det:

Bådåddjo

Det lulesamiske namnet på byen. Ei enkel markering av at Bodø ligg i eit historisk samisk område, av at byen er det urbane referansepunktet i Salten også for vår tids samar, av talarar av eit av dei tre samiske språka som framleis er i bruk i Noreg.

Kva skjedde då dette skiltet vart avduka 2. februar 2011? Det vart bråk. Mykje bråk. Ein straum av sinte lesarbreve nådde redaksjonen til Avisa Nordland, og nettartiklar fløynde over av negative kommentarar om samar. Meldinga var: Bodø hadde ingenting med det samiske å gjera, og synleggjering av eit slikt samband var meiningslaust. Skiltet vart utsett for hærverk. Det vart tagga ned og tilgrisa og til slutt stole. Statens vegvesen måtte setja opp nytt skilt. Som på nytt vart utsett for hærverk og stole. Endå eit skilt måtte setjast opp.

Det som hende i Bodø, har hendt før. Det har hendt før på mange stader og på ulike måtar. På Tromsø Museum heng eit tospråkleg skilt frå Kåfjord i Nord-Troms. Då denne kommunen vart of-

fisielt tospråkleg på 1990-talet og det samiske namnet *Gaivuona suohkan* kom opp i lag med *Kåffjord kommune* på vegskilta ved kommunegrensa, vart den samiske delen av skiltet tilgrisa og skoten på med hagle til skrifta ikkje lenger var synleg.

At synleggjering av språklege minoritetar og kulturelt og språkleg mangfald skapar strid, er heller regelen enn unntaket. Det veit vi frå andre land, og vi ser det i vårt eige. Det er mange små og store kampar. Då det i 1984 kom ein ny norsk femtikronesetel med Aasmund Olavsson Vinje, som det stod «Noregs Bank» på, vekte det mykje harme. Spontant oppstod det ein kampanje der mange strauk over det nynorske landsnamnet og endra det til «Norges Bank».

Og den hendinga er nærmast for ein fotnote å rekna i den norske målstriden, kampen mellom motstandarar og tilhengjarar av nynorsk. Då Det Norske Teatret i oktober 1913 hadde sine første framsyningar i Kristiania, kom det til regelrette nevekampar mellom riksmålsungdom og mål-ungdom, både i teaterlokalet og på gata utanfor. Det oppsette stykket, Ludvig Holbergs *Jeppe på Berget*, var omsett til «norsk», det vil seia til *landsmål*, av Arne Garborg. At språkforma som Ivar Aasen hadde etablert nokre tiår tidlegare, no inntok teaterscena på kostnad av riksmålet, var tung kost for mange.

Verda går heldigvis framover. Og i året som markerer at det er 200 år sidan Ivar Aasen vart fødd og 100 år sidan Det Norske Teatret vart skipa – Språkåret 2013 – er nok toleransen for nynorsk i den norske befolkninga større enn på lenge. Ny-



Då Kåfjord kommune i Nord-Troms vart offisielt tospråkleg på 1990-talet, vart tospråklege vegskilt utsette for hærverk. Dette skiltet heng no på Tromsø Museum. (Foto: Adnan Igacic. Tromsø Museum – Universitetsmuseet.

norsk er ei språkform som står støtt og solid med nasjonale institusjonar, ein etablert litterær tradisjon, mange dyktige forkjemparar og lovfesta rettar som støttar opp om språkforma.

Men like fullt er nynorsken under stendig press. Framleis finst det mange som latterleggjer nynorsk, og framleis finst det krefter som helst ser at nynorsk får ei mindre privilegert stilling i det norske samfunnet enn språkforma har i dag. Og framleis skjer det usiviliserte og fordomsfulle utfall mot nynorsken.

Toleransen for dialektbruk er nok også ein heilt annan i vår tid enn for hundre år sidan. Når Hålogaland Teater i september og oktober 2013 set opp stykket «Jeppe», basert på Ludvig Holbergs original frå 1600-talet, men i nordnorsk språk-

drakt, er det ingen teikn til nevekampar i Tromsøsgater. Snarare tvert imot. Og det at ein professor eller ein stortingsrepresentant kan tala til ei forsamling på reinspikka dialekt, ville ha vorte oppfatta som uhøyrst i dei fleste europeiske land. At det i stor grad blir godteke i Noreg, gjer språksamfunnet vårt spesielt.

Men heller ikkje på dette feltet er alt roseraudt. Visse norske dialektar og dialektfenomen har låg status, og det er ikkje vanskeleg å finna negative ytringar om både dialektbruk allment og bestemte fenomen om ein leitar litt i sosiale medium og på nettet elles.

Situasjonen for samisk språk er likevel meir kritisk. Sjølv om mykje er betre enn for berre eit par tiår sidan, er alle dei samiske språka anten trua eller særst trua på grunn av samfunnsstrukturelle forhold og endringar – på toppen av historie med hard fornorsking fram til for få tiår sidan. Mange samar opplever at dei må kjempa for aksept for språket sitt og for kulturen sin, jamvel om ei grunnlovsending i 1988 pålegg den norske staten å leggja til rette for at samane kan sikra og utvikla sitt språk, sin kultur og sitt samfunnsliv.

Kampen for språkleg toleranse og språklege rettar held fram. Vi er ikkje i mål, og kanskje kjem vi aldri i mål heller. Nye generasjonar skal oppsedast, og vi kan velja om språkleg toleranse skal byggjast opp, eller om intoleranse skal få veksa fram fritt. Og det viktigaste med å fremja språkleg toleranse er at det sjeldan handlar om språket i seg sjølv: Det handlar om å akseptera og respektera at andre skal ha lov til å vera annleis enn ein sjølv.

Denne boka inneheld frittstående stykke som alle tek føre seg språkleg mangfald og språkleg (in)toleranse, slik eg oppfattar han i vår tid. Nokre av stykka handlar om nynorsk, nokre handlar om samisk og fleirspråkleg opplæring, og eit par handlar om toleranse for dialekt og språkbruk som avvik frå det standardspråklege, som regel underliggjande bestemt av dei meir prestisjefylte utgåvene av hovudstads målet. Dei fleste stykka er nyskrivne for denne boka, medan nokre byggjer heilt eller delvis på tekstar publiserte som blogg-innlegg på forskning.no eller som kronikkar andre stader. Mange kunne ha vore takka for å ha gitt meg innspel og verbal motbør anten direkte eller indirekte på emna eg tek opp. Eg nøyer meg likevel med å retta handfast takk til redaktør Bente Riise for tilbakemeldingar på tekstane slik dei er presenterte her, og eg vil òg takka Hilde Kat. Eriksen, Jens Kihl og Vebjørn Sture for innspel på ein-skildestykke.

Tekstane er ikkje forskingsrapportar. Dei er skrivne på emosjonelt grunnlag. Eg har til dømes ikkje gjort ei vitskapleg kvantifisering av kor utbreidd den språklege intoleransen er blant nordmenn i dag samanlikna med tidlegare, ei heller samanlikna med andre land. Det viktigaste for meg er å konstatera at uønskt språkleg intoleranse finst i Noreg, og eg vil han til livs.

Under skrivinga har eg likevel ikkje undertrykt forskaren og vitskapsmannen i meg. Difor skal tekstane lesast i fullt alvor. Eg står inne for alt, som språkvtar og som meiningsberar.

«NYNORSK ER NOE DRITT! HVOR LIGGER EGENTLIG NYNORGE??»

Overskrifta er ei ytring på Twitter lagd ut 29. mai 2013 av brukaren @VictorJonassen.

Kva kunne vi ha svart? Jau, vi kunne ha svart at nynorsk er administrasjonsspråk i kommunar som til saman, på grovt augemål, dekkjer om lag ein fjerdedel av landarealet i Noreg. Dei fleste ligg på Vestlandet og i indre, vestlege delar av Aust- og Sørlandet. Om lag eit like stort område av landet er dekt av språknøytrale kommunar, det vil seia kommunar der både nynorsk og bokmål er tillatne i forvaltninga. Resten er bokmålskommunar.

Alle kommunane i Sogn og Fjordane har nynorsk som administrasjonsspråk, og ingen kommunar i Hordaland har bokmål som einaste administrasjonsspråk, ikkje eingong Bergen. I Sogn og Fjordane har nesten alle elevar i grunnskulen nynorsk som opplæringsmål (97,4 %), og nynorsk er samfunnsberande på alle nivå for dei drygt 108 000 innbyggjarane i fylket.

I og med at ingen større byar har nynorsk som einaste administrasjonsspråk, utgjør ikkje det samla folketalet i nynorskkommunane ein fjerdedel av folkesetnaden i landet, men ein har rekna ut at 600 000–700 000 nolevande nordmenn har eller har hatt nynorsk som førstespråk i skulen, altså 12–14 % av heile befolkninga.

Twitter lyg ikkje!

@VictorJonassen var truleg ikkje ute etter noko svar på kor «Nynorge» er. Han ville nok først og fremst slengja drit om nynorsk og uttrykka at han tykkjer det er eit språk som har lite føre seg. Slik som så mange andre norske ungdommar utanfor nynorskens kjerneområde. Her følgjer eit knippe med kvitringar, samla inn heller usystematisk ved eit par høve våren 2013 – fellesnemnaren er omtrent «Hva er poenget med (å lære) nynorsk? Vi trenger det ikke!».

Kan vi slutte å skrive oppgaver på nynorsk eller hallo jeg kommer aldri til å få bruk for det noen gang i hele mitt liv serr det er stygt @denrompa (07.02.2013)

Skjønner ikke hvorfor vi har nynorsk. Hva skal jeg med det i fremtiden? HÆ HÆ @CecilieLinnbraa (13.02.2013)

Hva er vitsen med at jeg skal lære nynorsk, når jeg ikke kommer til å få bruk for det ? @idaaall

*ka e egentlig poenget med nynorsk på skolen? får aldri bruk for det lell @alstaad (18.06.2012)
Jeg kommer faen meg aldri til å få bruk for nynorsk! @Hammyboyy (13.02.2013)*

Hva faen skal vi med nynorsk, hva er vitsen og gjøre tiltak i timene for og lære det når det er fullstendig ubrukelig? @MinaHeggedal (17.02.2013)

Det at vi har nynorsk på skolen, skjønner jeg ikke
@Jennyborgen98 (13.02.2013)

skjønner ikke poenget med nynorsk @kaebbe
(13.02.2013)

*Lekser er en sånn liten dritt!! Skjønner ikje
meninga med å lære nynorsk... :(* @99Ninasweet
(12.02.2013)

Hva faen er poenget med å ha nynorsk?!?
@sara_boe

Det går knapt ein dag utan at det kjem ei eller fleire slike negative ytringar om nynorsk på Twitter. Dei fleste som ytrar seg, er etter alt å dømme nettopp tenåringar som no har møtt og arbeider med nynorsk som sidemål på skulen. Jentene er i klart fleirtal.

Ein finn sjølvsagt negative, oppgitte ytringar også om andre emne i skulen slik som matte, ulike språkfag og anna. Ungdommar har ein tendens til å klaga over ting dei strevar med eller gruar seg for. Men det er ikkje det same omfanget av klaging på til dømes matte. Det er ikkje med same intensitet, og det ligg sjeldan noka påpeiking av kor irrelevant faget er.

Kvifor så mykje klaging og kyting?

Når ein observerer dette, melder det seg nokre spørsmål. Kvifor er det slik? Kvifor er det legitimt å slengja drit om nynorsk? Kvifor gir så mange ut-

trykk for at dei ikkje ser relevansen av at nynorsk har ein plass i norskfaget? Blir dei ikkje forklarte kvifor? Og om dei no verkeleg har norsklærarar som passar på å forklara dei dette, kvifor sig det då ikkje inn? Korleis kan det ha seg at det dukkar opp ytringar som dette?

Hva skal vi med nynorsk når alle forstår vanlig norsk?! @KarlJonasT (11.02.2013)

Skjønner ikke poenget med nynorsk. Klarer meg bra med vanlig norsk @Krissiskolissi (27.05.2013)

Det er sjølv sagt sannsynleg at mange av ungdommane som ikkje ser relevansen av nynorsk, aldri kjem til å busetja seg på Vestlandet eller i indre delar av Aust- og Sørlandet. Men somme av dei kjem nok til å gjera nettopp det i kortare eller lengre periodar. Atter andre kjem høgst sannsynleg til å ha samkvem med institusjonar, verksemdar og einskildpersonar i nynorskområde når dei seinare går inn i arbeids- og organisasjonsliv.

Og når vi har slege fast dette: Kva kjem desse ungdommane som meiner dei ikkje har bruk for nynorsk, til å gjera den dagen dei flyttar til ein nynorskkommune og kanskje tek seg arbeid ein stad der nynorsk er det vanlege – eller jamvel påkravde – arbeidsspråket? Skal dei då krevja å få bruka bokmål? Eller er det *då* dei skal læra seg nynorsk, altså når behovet plutselig oppstår?

Motviljen

Og kva med dei som kjem til å ha omgang med nynorskbrukande einingar og personar i arbeids- og organisasjonsliv? Skal dei krevja at nynorskbrukarane må bruka bokmål i omgang med dei? Det siste spørsmålet kan verka usakleg og irrelevant. Bokmål og nynorsk er seg imellom forstålege språkformer, og opplæring i nynorsk er då ikkje naudsynt, for ein kan jo skjønna det sjølv om ein ikkje sjølv brukar det. Denne tankegangen ligg under dei programfesta vedtaka til Høgre og Framstegspartiet om å avskaffa kravet i Mållova om at offentlege etatar har plikt til å svara på same målform som dei mottek korrespondanse på.

Men ytringar i det same ungdommelege Twitter-universet fortel oss at synet på innbyrdes forståelegheit mellom bokmål og nynorsk er eit heilt anna.

Eg skjønner ikkje nynorsk. Noreg klarar seg med eit språk[k] @InfernalRounds

Jeg er av den tro at nynorsk kommer til å bli bokmål en dag. Det er fint for meg, for eg skjønner ikkje nynorsk... @MarieSjoblom

De kan ikke forvente at vi skal kunne noe til en prøve, hvis kapittlet står på nynorsk!! @AnetteGaas

Hvor ufint er det ikke at alle vedleggene på norsk eksamen er skrevet på NYnorsk? Skjønner ikke en dritt @filipamadeus (28.05.13)

Lærer deler ut ark på nynorsk. Elever: «HÆÆ, jeg skjønner ingen ting! Hva betyr «Tyder»? HJELP. Dette er ikke norsk, jeg nekter!» @NeneeArt (03.09.12)

Den sosialt aksepterte dritslenginga

Perspektivet til ungdommane er snevert. Dei har ikkje noka forståing av at Noreg er større enn deira eigne vesle univers. Men det er ikkje berre deira eigen feil. Også mange vaksne manglar det perspektivet at Noreg er eit stort og mangfaldig land. Også vaksne norsktalande nordmenn kan finna på å påstå at dei ikkje skjønar nynorsk. I ein kronikk i Verdens Gang i mars 2012 fortel Atle Hamar, direktør i Lotteri- og stiftingstilsynet, at tilsynet ein gong mottok eit brev frå ein lokal Lions-klubb som hadde gjort eit styrevedtak på at dei ikkje kunne forhalda seg til rundskriv på nynorsk.

Kor reelt det er at norskspråklege nordmenn ikkje skjønar nynorsk, kan diskuteras. Det viktigaste i denne samanhengen er at det illustrerer ein sterk motvilje mot nynorsk. Den same motviljen kjem til uttrykk når ein høyrer personar seia at dei ikkje les tekstar om dei står på nynorsk. Eg har sjølv ved ulike høve blitt oppmoda om å heller skriva innlegg og liknande på bokmål slik at eg når fleire lesarar.

I den nemnde VG-kronikken til Atle Hamar hevda han at nynorskbrukarar er ei gruppe her i landet som det er legitimt å diskriminera. Han har rett. Det er sosialt akseptert i store delar av befolkninga å slengja drit om nynorsk. Det har det alltid

vore, og kanskje har det vore endå verre før, men dette er under alle omstende ei viktig forklaring på at norske ungdommar kjem med så mange mishagsytringar om nynorsk. Dersom det ikkje hadde vore sosialt akseptert blant vaksne, hadde vi sett mindre av det.

Det instrumentelle aspektet og meininga med læring

Nynorsk er lett å læra for personar med norsk som morsmål. Det er vanskeleg å argumentera mot dette. Bokmål og nynorsk følgjer dei same ortografiske prinsippa, og sjølv om det er skilnader i bøyingsystem og ordtilfang (vokabular) og i viss mon i setningsbygning, er det ikkje noko anna skriftspråk som ligg nærmare bokmål enn nynorsk. Jamvel dansk er i våre dagar fjernare sjølv om bokmål har utvikla seg derifrå.

Når nordnorske politikarar som Helga Pedersen (Ap) og andre meiner at nordnorske elevar bør få velja å læra samisk *i staden for* nynorsk, kan ein undra seg over om dei har reflektert over kor mykje samisk det er mogleg å læra på den beskjedne tida som elles blir brukt til nynorsk innanfor ramma av norskfaget. (Eg er absolutt for at norske ungdommar skal kunna læra samisk, men at det skal skje på kostnad av nynorsk, er ei kortslutning.)

Og når ein høyrer alle ytringane om at nynorsk er noko dei færraste norske ungdommar kjem til å få bruk for seinare i livet, er det grunn til å spørja: Har dei ilt av å læra det? Tek dei skade

av å få opplæring i to nærskyldde skriftspråksvarianter?

Ulike skriftspråkstradisjonar

Ingenting tyder på det. Snarare er det tvert imot. Bokmål og nynorsk står for ulike skriftspråklege tradisjonar der bokmålet har utvikla seg frå eit formelt, elitistisk bokspråk, medan nynorsken i større grad har lagt seg opp mot det munnlege språket til folk flest.

Dette er sjølv sagt ei forenkling, men fleire – også bokmålsbrukarar – har teke til orde for at trening i nynorsk gir eit betre og klarare språk – også når ein skriv bokmål. Eit nyleg døme på dette har jussprofessor Johan Giertsen ved Universitetet i Bergen stått for. Giertsen er sjølv bokmålsbrukar, og i eit lesarinnlegg i Bergens Tidende i februar 2013 gjorde han greie for at bokmålsbrukande juristar har mykje å læra av korleis nynorske juridiske tekstar vert utforma. Det nynorske juridiske språket er enklare og klarare og dermed meir forståeleg for mottakarane.

Eit anna døme finn vi i eit internt notat til NAV-tilsette frå mars 2013. Det er frå direktøren, Joakim Lystad. Lystad, som voks opp på Bislett i Oslo, fortel at gymnaslæraren hans inspirerte han til å tenkja på nynorsk også når han skreiv bokmål, slik at språket vart enklare og meir lettfatteleg. I tråd med dette trekkjer direktøren i notatet fram at den nynorske språkføringa kan bidra til klarare språk, noko som kjem NAV-brukarane til gode ved at dei betre skjønar rettane og pliktene sine.

Variert trening

Og for å sjå dette i lys av til dømes idrettslege ferdigheiter: Om du skal bli ein god alpinist, treng du òg grunntrening utan ski. Og det er heller inga ulempe å trenast på å køyra på berre ei ski. Det styrker balansen, og sjølv om du aldri kjem til å starta i ein konkurranse med berre ei ski, har kroppen din gjort erfaringar som kjem godt med om du i eit renn kjem ut av balanse eller mistar den eine skia to portar frå mål – slik Kjetil André Aamodt gjorde det i eit medaljeløp i VM i Vail i 1998.

Slik er det med mykje ein trenar på i skulen og slik er det med nynorsken også: Sjølv om du ikkje nødvendigvis kjem til å få direkte bruk for nynorsken seinare i livet – som skribent og tekstprodusent, kan den treninga med nynorsk du gjekk gjennom, gi deg betre og klarare språk også når du skriv bokmål.

Nynorsk er difor slett ikkje noko drit. Nynorsk er gull! Også for bokmålsbrukarar!

SPRÅKBYTE OG DEN PUBERTALE TRUSSELEN MOT NYNORSK

For dei aller fleste born og unge er det særskild viktig å kjenna tilhøyrsla til andre på sin eigen alder. Og dei viktigaste førebileta er gjerne dei som er litt eldre enn ein sjølv er. Dette kan vi enkelt stadfesta på språkvitskapleg grunnlag. Born fødte av innflyttarar til eit lokalsamfunn vil som regel bli talarar av den lokale dialekten, ikkje av dialekten eller dialektane til foreldra dersom desse er annleis. Unntaksvis vil borna veksa opp med to dialektar – ein til heimebruk og ein ute blant vener og andre i lokalsamfunnet. I atter andre unntaksvis tilfelle blir borna brukarar av dialekten til foreldra heller enn den lokale.

Behovet for gruppetilhøyrsla manifesterer seg sjølvstund på ei rekkje andre område også. Kledestil, frisyre, musikksmak, val av litteratur, fritidsinteresser og mykje meir. Særleg uttalt blir gruppetilhøyrsla i tenåra. I puberteten. Og trendar blir viktige. Det er viktig for ungdommane å vera «in».

Også meiningsytringar er ein del av dette biletet. Visse meiningar kan vera trendy og riktige. Visse haldningar høyrer med til tenårsperioden. Visse ytringar definerer einskildindividida til gruppa.

«Spynorsk mordliste»

I store delar av landet er det å vera negativ til nynorsk ei nærmast obligatorisk side ved det å vera ungdom. Først og fremst gjeld dette i område der bokmål er einerådande som hovudmål. Og det er ein trend som har vore på moten sær s lenge, truleg i generasjonar. I kull på kull over fleire tiår har mange ungdomsskuleelevar endra tittelen på «Nynorsk ordliste» til «Spynorsk mordliste» som den mest naturlege ting i verda.

Og i vårt moderne kommunikasjonssamfunn er det ikkje vanskeleg å leita opp uttrykk for dei negative haldningane til nynorsk på nettet. Sjå berre på denne vesle bukettten av kvitringar frå nokre kalde februar dagar i 2013.

Sidemål er noe dritt, må jo lese en hel bok på nynorsk. (12.02.2013) @idastormo

NYNORSK ER STYGT SELV MED POTETER I ØRENE @fridalarsenn (12.02.13)

nynorsk er virkelig det mest ubrukelige i hele historien @celstang (11.02.13)

NyNorsk e piss! #lei #flaut #nynorsk @EirikS94 (11.02.13)

Jeg får dysleksi av nynorsk. @ronja_srlie (11.02.13)

lese om samisk...PÅ nynorsk, herregud (12.02.2013) @MartyCrunk

Jeg kan ikke fordra nynorsk.. Bokmål ftw!
(11.02.2013) @HelJaco

*Vi skal lære nynorsk og norrønt i mens people are
starving in Africa.* (12.02.2013) @SondreWammer

Hater nynorsk, æsj (13.02.2013) @RebekkaRinnan

Nynorsk suger balle (12.02.2013) @JRvig

*Klarer ikke å beskrive hvor høyt jeg HATER
nynorsk* (12.02.2013) @LinnGabrielsen

jeg hater nynorsk (12.02.2013) @AdaGlowinska

*Lærer – du må si noe på nynorsk Ida. Meg – Eg
hatar nynorsk, det er eit idiotisk skriftspråk*
(12.02.2013) @IdaFritzo

*når jeg blir stor skal jeg bli politiker og sørge for at
det aldri blir mer nynorsk på skoler rundt om i
landet* @meldingsvarsel (11.02.2013)

Arven frå dei eldre

Det går sjølvstakt an å lesa slike ytringar med eit lite smil. Her har vi å gjera med pubertale ungdommar som klagar over det meste, og som har eit behov for å vera negative og i opposisjon. Men smilet stivnar fort, i alle fall i min munn. Det er det fleire grunnar til.

Det er for det første trist å erkjenne at mykje av negativiteten til ungdommane er nedervd, både frå

vaksne og frå andre litt eldre ungdommar. Det er ikkje slik at kvart kull med ungdomsskuleelevar finn på at dei skal endra «Nynorsk ordliste» til «Spy-norsk mordliste» – dei lærer det av elevar som har gått før dei. Og ikkje alle ungdommar legg dei pubertale haldningane til nynorsk vekk når dei går over i vaksenlivet – også mange vaksne i dette landet tykkjer det er legitimt å slengja drit om nynorsken.

Nedverdiggande

Men det verste med den massive flaumen av mis-hagsytringar er at det trass alt finst tusenvis av ungdommar som har nynorsk som sitt første-språk, sitt hovudmål. Desse nynorskungdommane, som først og fremst bur i bygder og tettstader på Vestlandet og indre delar av Sør- og Austlandet, får sjølvsagt med seg kva ungdommar andre stader i landet meiner om språket deira.

Og kor kjekt er det? I kva grad føler dei at dei høyrer til i den kule og trendy gruppa av norske ungdommar? Kor stolte blir dei av å vera brukarar av eit språk som så mange av jamaldringane deira foraktar?

Språkbyte i Noreg

I dag har drygt 12 % av alle elevar i den norske grunnskulen nynorsk som hovudmål. I vidaregåande skule er det tilsvarande talet om lag 6 %. Halvparten av nynorskelevane byter altså frå minoritetsspråket nynorsk til majoritetsspråket bokmål i overgangen frå grunnskule til vidaregåande.

Situasjonen blant studentar er mindre oversiktleg, men det er ei kjent sak at svært mange med nynorskbakgrunn – kanskje jamvel flesteparten – gir opp språket når dei kjem til høgare utdanning.

Det mest omfattande skiftet av hovudmål skjer på Aust- og Sørlandet og kring større bokmålsdominerte byar som Bergen og Stavanger. Minst språkbyte er det i Sogn og Fjordane og andre område på Vestlandet der nynorsken står sterkt på alle nivå i samfunnet.

Taktisk språkbyte

Årsakene til språkbyte er fleire. Det er dokumentert at mange byter av taktiske grunnar. Det er lettare å oppnå gode karakterar i norskfaget på den måten: Til skilnad frå bokmålsungdommar har dei målbytande ungdommane hatt grundig opplæring i nynorsk i grunnskulen, og bokmål har dei jo også lært både på skulen og elles. Slike taktiske overlegningar gjorde også Ap-politikaren Hadia Tajik – i skrivande stund avtroppande kulturminister – då ho i si tid bytte hovudmål frå nynorsk til bokmål. I eit intervju med Syn og Segn 02/2013 seier ho følgjande om dette bytet:

Då eg valde å ha bokmål som hovudmål, var det ikkje eit veldig reflektert val, men eg etterrasjonaliserte det. Eg tok ikkje inn over meg dei langsiktige konsekvensane av språkskiftet. Fyrst bytte eg, så bestemte eg meg for at det var skikkeleg lurt, utan å ha ein prosess i forkant. Lærarar signaliserte at det er høgare forventningar til dei med nynorsk

som hovudmål, og at det var lettare å få ein god karakter i sidemål om eg bytte hovudmål. For ein ambisiøs elev høyrer slike argument rasjonelle ut når dei blir presenterte slik.

Tajik peiker altså på at lærarar oppmoda til språkbyttet hennar. Kor utbreidd praksis dette er blant lærarar, veit vi ikkje. Truleg finst det også lærarar som tenkjer motsett, og som oppmodar elevane sine til å halda på nynorsk som hovudmål.

Mobba vekk frå nynorsken

Men kvifor nemner ingen språkmobbinga? Tajik nemner det ikkje i intervjuet, og kanskje opplevde ho det ikkje heller slik at dei negative haldningane til nynorsk blant jamaldringar bidrog til språkskiftet hennar.

Det er slett ikkje alle ungdommar som har like god sjølvkjensle, og som er like ambisiøse som Tajik var i tenåra. Dei færraste er det. Dei fleste tenåringar ønskjer å vera som andre tenåringar, og dei er svært mottakelege for det som er dei rådande haldningane. Dei færraste vil stikka seg ut.

Eg er difor overtydd om at dei etablerte negative haldningane til nynorsk, som går i arv frå generasjon til generasjon av bokmålsskrivande ungdomsskuleelevar, er sterkt medverkande til at mange gir slepp på nynorsken som hovudmål. Det at språkbyte særleg skjer i språkblanda område – i randsonene for nynorskens kjerneområde – er eit klart teikn på det: Når nynorsken heller ikkje dominerer på andre område i lokalsamfunnet, veg

det ikkje opp for det negative presset dei opplever frå anna hald – dei nynorskskrivande elevane får ikkje stadfesting for verdien av sitt språk der heller.

Tiltak mot språkmobbing

Det går an å gjera noko med dette. Det burde vera eit mål å få bokmåselevar til å slutta å komma med ukritisk dritslenging om nynorsk. Det burde vera mogleg å endra dei ureflekterte og nedervde negative haldningane som ligg bak dritslenginga. Det må vera lov til å tru på større toleranse og forståing for den norske minoritetens hovudspråk i dette landet.

Skal ein oppnå det, må ein for det første løfta problemstillinga opp og gjera den aktuelle ungdomsgruppa medviten om at den språklege mobbinga faktisk har som konsekvens at andre, nynorskskrivande ungdommar gir opp førstespråket sitt. Dessutan vil det ikkje skada om dei språk-mobbande ungdommane opparbeider eit sterkare medvit om og forståing av at nynorsk er eit levande og samfunnsberande språk i delar av landet, at det faktisk finst stader der nynorsk er heilt normalt.

Tidleg start

Men det kanskje aller viktigaste tiltaket som med fordel kan iverksetjast, er å lata born med bokmål som førstespråk møta nynorsken tidlegare i dag. For dei aller fleste skjer dette møtet først i 8. eller 9. klasse, noko som på fleire måtar er det verst tenkjelege tidspunktet.

Mindre born har færre fordommar, dei er meir

lojale mot lærarar og andre vaksne, og dei er mindre opptekne av å markera ein aldersdefinert gruppeidentitet enn det tenåringar er. I tillegg er dei meir mottakelege for språklæring og vil såleis ha lettare for å fanga opp og læra dei strukturelle skilnadene mellom bokmål og nynorsk.

Den forventade effekten av dette er at born som i overgangen til ungdom allereie er kjende med nynorsk utan ein nedverd bagasje med fordommar mot språket, i mindre grad etablerer negative haldningar mot det. Og når dei ikkje etablerer slike negative haldningar, uteblir også dritslenginga, språkmobbinga.

Pedagogiske og haldningsmessige gevinstar

Nynorsksenteret (Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa) har bidrege til fleire forsøk med tidleg start med nynorsk, mellom anna ved Våland skole i Stavanger der ungane har fått læra nynorsk allereie i 3. klasse. Forsøka viser at tidlegare start med sidemålet stimulerer den metaspråklege kompetansen til borna og gjer dei betre i norsk generelt. Dei blir også meir fortrulege med nynorsk og mindre negative til språkforma.

Det er difor gledeleg at tidlegare start med sidemål blir gjort til allmenn politikk her i landet i den nye læreplanen for norskfaget som vart presentert 20. juni 2013. Det ligg pedagogiske gevinstar i dette, og ikkje minst vil det vera eit godt tiltak til å fremja språkleg toleranse.

Meir språktoleranse no!

For meir språkleg toleranse er vel ønskjeleg? Eller er det greitt at titusenvis av norske ungdommar skal utsetjast for negative ytringar om språket deira? År etter år? Skal den språklege sjølvkjensla deira setjast på prøve berre fordi andre ungdommar får lov til å tradera ureflekterte haldningar ned gjennom årskulla?

Svara gir seg sjølv!

DEN LOGISKE, JURIDISKE KONSEKVENSEN AV HØGRE OG FRAMSTEGSPARTIETS VEDTEKNE SPRÅKPOLITIKK

Obligatorisk opplæring i sidemål og lov om målbruk i offentleg teneste («mållova») er to strukturelle ordningar som bidreg til jamstilling mellom dei to språkformene av norsk, og som står opp om kvarandre. Mållova føreskriv dels at skriftleg korrespondanse frå eit statleg organ skal vera på det målet ein borgar ber om eller sjølv nyttar, og dels fastset ho at statlege organ og verksemdar skal nytta minst 25 % av kvar målform.

For å kunna følgja mållova bør tilsette i statlege stillingar kunna meistra begge språkformer, og for at skulen skal førebu elevane til slike stillingar, må dei få opplæring i både bokmål og nynorsk. I tillegg kjem det at i kommunar som ikkje er språknøytrale, må dei tilsette meistra den språkforma som kommunane har fastsett som sitt forvaltningsspråk, og skulen bør såleis også førebu elevar for stillingar i ulike delar av landet.

Åtaket frå høgre

Sjølv om argumenta for at sidemål skal vera ein del av norskfaget, er langt fleire enn berre mållova, og av både pedagogisk og kulturell art, skal vi her konsentrera oss om samanhengen mellom sidemålsopplæringa og mållova. Ordningane er nemleg under sterkt press frå høgresida i norsk politikk. På

landsmøtet sitt i 2013 gjorde partiet Høgre følgjande to vedtak som vi finn att i stortingsvalprogrammet deira for perioden 2013–2017:

[a]vvikle ordninga med eigen karakter og eksamen i sidemål i ungdomsskolen og den vidaregåande skolen (pkt. «2.2 Skole», s. 12)

erstatte dagens rett til å få svar på eiga målform med ein rett for tilsette i staten og språknøytrale kommunar til å bruke si eiga målform (pkt. «2.9 Norsk kulturarv og språk», s. 19)

Framstegspartiet har tilsvarande i sitt handlingsprogram for 2013–2017. Dei vil «gi ungdomsskolelevane rett til å velge bort sidemål» (s. 66) og dei vil at «sidemålsundervisning og eksamen i sidemål skal være valgfritt». Det er elles velkjent at også Framstegspartiet ønskjer å fjerna mållova til fordel for ein individuell rett hjå offentlege tenestepersonar til å velja språkform.

Høgre og Framstegspartiet meiner altså at språkval bør vera personleg og knytt til kvar einskild tenesteperson. I det offentlege. Verken kunde – borgarane, deg og meg – eller arbeidsgivar – det vil seie staten eller kommunen – skal kunna krevja, ei heller be om, anten nynorsk eller bokmål av den tilsette.

Samanhengen

Sjølv om obligatorisk sidemål og mållov som regel blir debatterte kvar for seg, heng dei to saman: Av-

skaffing av obligatorisk sidemål kjem til å sparka beina under mållova, og avskaffing av mållova vil ta bort eit instrumentelt argument for obligatorisk sidemål. Ein kan ikkje halda på eit generelt krav om kompetanse i sidemål i offentlege stillingar dersom slik kompetanse ikkje er ein del av den allmenne utdanninga norsk skule gir. Og behovet for slik kompetanse fell jo bort om personar i tekstproduserande offentlege stillingar ikkje treng skriva nynorsk heller.

Dette var det ingen debatt om på Høgres landsmøte i 2013. Ein stor fraksjon av nynorskvenlege utsendingar kjempa for eit anna vedtak om sidemål, men mållova var det ingen kamp om.

Det som eigentleg ligg under

Er ikkje det like greitt, då? Om både obligatorisk sidemålsundervisning og -eksamen og mållova forsvinn? Jau, viss ein ønskjer å svekka stillinga til nynorsk ytterlegare i det norske samfunnet, er det jo sjølvsagt det.

Og sannsynlegvis er det nettopp det mange i Høgre og Framstegspartiet eigentleg ønskjer, at nynorsken skal marginaliserast og bokmålet overta som einaste offisielle språk her i landet. Under overskrifta «Vi kan ikke forsvare to norske skriftspråk» 26. mars 2013 fortel Høgres utdanningspolitiske talsperson, Elisabeth Aspaker, til Aftenposten at norsk eksport og behov utanfrå ikkje gjer det forsvarleg å ha to skriftspråk i Noreg. Nynorsken står altså i vegen for utviklinga!

Bakgrunnen for intervjuet med Aspaker var at

Aftenposten ville ha ein reaksjon på resultatata frå eit forskingsprosjekt ved NTNU, leia av professor Mila Vulchanova, der ein fann at personar som aktivt nyttar både bokmål og nynorsk skriftleg, gjer det betre på lesetestar i bokmål enn personar som berre nyttar bokmål. Ein kan bli sprø av mindre: All seriøs forskning tilseier at eit norskfag med trening i sidemål gir betre hovudmål, men likevel tviheld Høgre (og Framstegspartiet) på ein tanke om at sidemålstreninga øydelegg for kompetansen i hovudmålet.

Individets rett

Men lat oss ikkje gå inn på det sporet. Lat oss heller ta tak i vektlegginga av retten kvart einskilt individet har til sjølv å velja. Høgre og Framstegspartiet meiner norske ungdommar sjølve må få velja om dei vil ha skriftleg sidemålstrening, og dei meiner at kvar einskild statstilsett må få velja om han eller ho vil svara på ein skriftleg førespurnad på nynorsk eller bokmål, uavhengig av kva for språkform førespurnaden er på.

I utgangspunktet kan dette høyrast demokratisk og tilforlateleg ut. Men det fråtek samtidig einskildindividet retten til å bli *møtt* av det offentlege på sitt eige språk. Etter den politikken Høgre og Framstegspartiet ønskjer seg, blir offentlege tenestepersonars private preferansar gjort til det offentlege sine: Det er ikkje lenger borgaren som vender seg til det offentlege, som får sitt språkval stadfesta.

Kanskje er ikkje dette så gale. Funksjonelt sett

er jo nynorsk og bokmål så like kvarandre at det sjeldan oppstår problem med gjensidig forståing (sjølv om det alltid finst bokmålsfolk som påstår noko anna). Personar som nyttar nynorsk, er under alle omstende vande med å bli møtte med bokmål i sær mange situasjonar, sidan bokmålet totalt dominerer i alle større ikkje-offentlege selskap og organisasjonar slik som telefon- og internettsselskap, forsikringsselskap, kraftselskap, lag og foreiningar på nasjonalt nivå.

Jamstelling i privat sektor

Men viss no Høgre og Framstegspartiet har slik sut for einskildindividet og ønskjer å leggja vekt på språkvalet til kvart einskilt menneske, kva då med å gi kvar og ein av oss ein eksklusiv rett til å velja mellom nynorsk og bokmål i *alle* samanhangar? Også i det private næringslivet? Også i riksdekkande aviser?

Kvifor skulle retten til språkval vera annleis for ein offentlig tenestemann i NAV enn for ein kundehandsamar i Telenor? Kvifor skal riksaviser som Dagbladet og Aftenposten ha rett til å krevja av sine journalistar at dei må skriva på bokmål, viss ikkje Kulturdepartementet kan krevja at deira tilsette skal skriva på nynorsk når dei blir bedne om det?

Kor langt er Høgre og Framstegspartiet villige til å vektleggja den einskildes rett til å velja språk? Viss styringsretten til arbeidsgivaren ikkje skal gjelda i det offentlege, kvifor skal han då framleis gjelda i det private? Med dei forslaga som ligg inne no, stoppar det ved det offentlege – i privat sektor

er språkvalet til den einskilde framleis underlagt kva arbeidsgivaren måtte bestemma.

Paradokset er påfallande. Og den einaste logiske konsekvensen er at ei eventuell fjerning av mållova må erstattast med ei ny lov som gir den einskilde ein eksklusiv rett til å bruka sin variant av norsk i alle samanhengar der norsk vert brukt. Individets rett må her komma føre arbeidsgivars styringsrett, både i offentleg og privat sektor!

Sanksjonskraft

Mållova av i dag har inga sanksjonskraft. Ingen får bot eller kjem i fengsel på grunn av for lite bruk av nynorsk, og skal ei ny, individbasert språklov ha nokon som helst effekt, må ho bli ein del av diskrimineringslovverket. På same måte som ingen ved tilsetjing i ei stilling kan diskriminerast på grunn av kjønn, hudfarge, seksuell legning eller graviditet og så bortetter, kan heller ingen diskriminerast på grunn av språkvalet sitt. Brot mot dette må ha reelle strafferettslege konsekvensar.

Det er vel tvilsamt om Høgre og Framstegspartiet kjem til å ta den logiske konsekvensen av den vedtekne språkpolitikken sin. Dei er ikkje akkurat kjende for å kjempa for arbeidstakars rettar i møtet med privat næringsliv. Dei vil neppe la nynorsken stå i vegen for private kommersielle interesser, interesser som *trur* og *meiner* at nynorsk er «bad for business», og som held ved like det bokmålske språkhegemoniet i landet vårt.

Vågar dei blå-blå?

Men om Høgre og Framstegspartiet hadde hatt mot nok til å ta konsekvensen av det dei predikar på dette feltet, kunne vi kanskje med rette ha applaudert dei for innføring av ein ny type jamstilt språkpolitikk. Dersom vi ein dag såg at Aftenposten og VG kvar einaste dag hadde ein og annan artikkel på nynorsk – omtrent slik tilfellet er på NRK sine nettsider – og dersom Kari frå Jostedal i sin jobb som kundehandsamar hjå Telenor fekk svara kundane med e-postar på nynorsk, ja då kunne vi vanskeleg skulda desse partia på høg-resida for å bidra til språkleg intoleranse.

Men spørsmålet heng i lufta: Vågar dei?

LAT OSS VERA GLADE FOR BOKMÅLET! OM HUGMEDVIT, SPRÅK OG LEVEKÅR*

Er bokmålet rota til alt vondt?

På dei neste sidene følger to kart. Kartet på side 38 er laga av Statistisk sentralbyrå (SSB) og er ei samla kartografisk oversikt over levekårsproblem i norske kommunar i 2007 – di mørkare farge, di fleire levekårsproblem samla sett. Kartet på side 39 viser kva for kommunar som har nynorsk som administrasjonsspråk (mellomgrått), og kva for nokre som har bokmål (svart). Kommunar som er nøytrale med omsyn til målform, er lysegråe.

Når ein ser det påfallande samanfallet mellom område med lite levekårsproblem og nynorsk, blir ein nesten freista til å spørja om bokmål er rota til alt vondt her i landet. Men slik kan det vel ikkje vera fatt.


Eller?

Over til noko anna.


Evne til mentalisering: Hugmedvit

Born som veks opp med to språk, utviklar *evne til mentalisering* (på engelsk 'Theory of Mind') i snitt eitt år tidlegare enn einspråklege born. Det har

* Dette stykket står også på trykk i Syn og Segn 4/2013.



Samla indeks for levekårsproblem i 2007 (kjelde: SSB)



Oversikt over offisielt administrasjonsspråk (målforn) i norske kommunar. (Kjelde: Wikipedia. Svart/kvitt-versjon ved Pavel Iosad)

internasjonal forskning i kognitiv psykologi komme fram til. Denne evna – eg likar å kalla henne *hugmedvit* – handlar om det å forstå at andre menneske kan sitja på andre tankar og andre forståingar og opplevingar av røyndommen enn ein sjølv. Hugmedvit vert rekna som ein heilt sentral eigenskap ved mennesket som art – hugmedvitet styrer oss på avgjerande måtar i omgang med andre menneske, og manglande evne til å ta andres perspektiv vert normalt rekna som eit alvorleg handikapp. Nedsett hugmedvit er eit av kjenneteikna på autisme.

Sjølv om både tospråklege og einspråklege born etter kvart utviklar hugmedvit, skjer det altså tidlegare hjå dei tospråklege. Kva er forklaringa? Det rådande synet er at det heng saman med at tospråklege born er nøydde til å vita kva for personar rundt dei som snakkar det eine og det andre av språka deira. Dei lærer tidleg at ikkje alle i omgivnadene deira meistrar begge språka, og etter kvart som dei blir aktive språkbrukarar, står dei tospråklege såleis overfor ei utfordring som er irrelevant for dei einspråklege: Dei må halda styr på kven som kan kva språk, for at den språklege kommunikasjonen skal lukkast.

Det å verta trent i å ta eit anna perspektiv, i å sjå saker frå ein annan ståstad, er ikkje noka ulempe. Det er ein god ting for einskildindividet, og det er ein god ting for samfunnet einskildindividet er ein del av. Det er som olje å rekna i det sosiale maskineriet og gjer omgangen menneske imellom lettare og mindre friksjonsfylt.

Språkveksling i leik

I Noreg er det velkjent at born utanfor det sentrale austlandsområdet i rolleleik leikar på ein annan dialekt enn sin eigen. Nærmare bestemt leikar dei på det målet som er utbreitt i hovudstadsområdet, og som i praksis utgjer ei uoffisiell uttalenorm for bokmål, i alle fall den mest prestisjefylte og dominerande norma for korleis bokmål vert uttala.

At born utfører rolleleik på sentralaustnorsk bokmål, er ikkje noko nytt. Far min, som var fødd i 1930 og voks opp på Leikanger i Sogn, fortalde meg at også dei gjorde det då han var liten, og tilsvarende har eg høyrte frå eldre menneske andre stader i landet, mellom anna i Nord-Noreg. Leik på bokmål kan såleis ikkje tilskrivast barne-TV og ei eventuell auka eksponering for sentralaustnorsk talemål gjennom etermedia. Det stikk djupare enn som så – på 30-talet var nasjonale radiosendingar heilt i startgropa.

Ved å leika på anna mål enn sitt eige synleggjer ungar at dei utviklar hugmedvit. Dei brukar språkleg veksling som trening av mentaliseringsgeva, for det er nettopp når dei går inn i roller og tek andre sitt perspektiv, at språkvekslinga skjer – forhandlingar om og kommentarar til rolleleiken føregår på eigen dialekt.

Lese- og skrivetekunne

Ei ekte delmengd av borna som veks opp med dialektveksling i rolleleik, får etter kvart nynorsk som opplæringsmål på skulen. Har det noko å

seia for vidare utvikling? Ja, truleg har det det, for borna med nynorskopplæring kan etter kvart knyta talemålsvekslinga si til veksling mellom ulike skriftspråklege system.

Utvikling av lese- og skrivekunne – *litasitet* – er ei gjennomgripande intellektuell røynsle. Det dannar grunnlag for all anna akademisk læring, det styrkjer tankekrafta, og det styrkjer også effektane av tospråklegheit. I tillegg til tidlegare utvikling av hugmedvit har internasjonal forskning nemleg også klarlagt at tospråklege born utviklar betre evner til å styra, planleggja og kontrollera merksemd og handlingar (såkalla *utøvande funksjonar*), og dei får dessutan – ikkje overraskande – større metaspråkleg kompetanse, altså sterkare medvit om korleis språk er oppbygde. Alle desse tospråksfordelane synest å bli styrkte dersom lese- og skriveopplæring skjer på begge språka.

Bokmålet finst overalt i den norske kvardagen, også i dei områda av landet der nynorsk er utbreidd som administrasjons- og skulemål. Skilnaden mellom bokmålsleikande born som lærer nynorsk, og bokmålsleikande born som lærer bokmål frå første klasse, blir då denne: Den første gruppa møter nynorsk skriftspråk på skulen og i andre lokale samanhengar og samtidig bokmål skriftspråk i ei rekkje samanhengar slik som i bøker, teikneseriar, Internett, annonsar og skilt osv. Den andre gruppa møter i praksis fint lite anna enn bokmålet i skrift – eksponeringa for nynorsk er marginal dei fleste stader utanfor kjerneområdet.

Effekten av dette er at born som veks opp med

nynorsk som førstespråk, i praksis lærer seg – og blir funksjonelle i – både nynorsk og bokmål. Nynorsk lærer dei på skulen, og bokmål lærer dei på fritida. Dei nynorskskrivande borna tek med dette den doble talemålskompetansen frå rolleleiken med seg inn i den skriftspråklege verda. Nynorsk vil i dei fleste tilfelle representera ei skriftleggjerding av eige talemål, medan bokmålet blir ei skriftleggjerding av det sentralaustnorske talemålet.

Tilsvarande gjeld ikkje for born med bokmål som førstespråk i skulen – dei færraste av dei vil ha hatt særleg omgang med nynorsk før dei møter skriftspråket som sidemål på ungdomsskulen. Vi veit at det er slik. Ingen er så gode i sidemål som dei som har nynorsk som sidemål, og ingen klagar meir over kor vanskeleg det er med sidemål, enn dei som har bokmål som hovudmål.

Skriftspråk og trening av hugmedvitet

No er det slettes ikkje sikkert at tvimælt rolleleik i tidleg barndom er avgjerande for utvikling av balansert lese- og skrivekunne i både nynorsk og bokmål. Kanskje kunne også born frå det sentrale austlandsområdet ha oppnådd dette dersom dei berre fekk læra både bokmål og nynorsk frå tidleg skulealder.

Men det kjennest likevel ganske trygt å hevda at hugmedvitet til ei bestemt gruppe av norske born får næring frå språket gjennom heile oppveksten, først som talemålsveksling i rolleleik og sidan som trening i to skriftspråksformer i skulealder og framover. Desse borna blir samanhen-

gande trente – gjennom språket – i å heile tida veksla mellom to system, til å stadig «ta det andre perspektivet».

Dumme Oslo-folk og utanforperspektivet

I juli 1949 hadde Per Håland ein kommentar på trykk i Verdens Gang. Han skreiv: «Kvifor er oslofolk sa dumme? Det er eit vanleg spørsmål mellom bygdeungdom i byen.» Hovudtemaet i kommentaren var kor dårleg hovudstads menneske kjenner til sitt eige land, og budskapet var at fåkunne gir grobotn for arroganse, ein arroganse som ingen er tente med.

I dette ligg, etter mitt syn, eit av dei viktigaste argumenta for at alle born i Noreg bør læra nynorsk, og med det at sidemål ikkje bør gjerast valfritt: Nynorsken, med sin tilhøyrande skriftkultur, er ei sterk og tydeleg påminning om at Noreg er meir enn det sentrale austlandsområdet.

Så kunne ein, for bokmålsborna sin del, ønskja at eksponeringa for og treninga i nynorsk kom tidlegare i skuleløpet enn det ho no gjer. Med det ville ein få betre trening av hugmedvitet, kanskje også av utøvande funksjonar og definitivt av den metaspråklege kompetansen.

Språklege hierarki og val av språkleg praksis

Det er òg noko anna som kan – og bør – seiast om bokmål og nynorsk. Dei to relaterer seg til ulike språkhierarki. Sentralaustnorsk talemål, og då særleg dei variantane av det som reflekterer moderat

bokmål og riksmål, tronar – utan særleg tvil – på toppen av «bokmålshierarkiet». Alle andre dialektar er underordna dette talemålet.

Det er slett ikkje alle dialektkjennemerke som har sitt motsvar i nokon av dei to skriftspråka, men i den grad sentralaustnorsk talemål representerer talt bokmål, er svært mange av avvika borte frå dette talemålet, avvik i retning av nynorsk. Ivar Aasen bygde landsmålet på grunnlag av talemåla i heile Noreg, og framleis gjeld det at nynorsken lingvistisk sett dekkjer større og meir sentrale delar av det norske dialektmangfaldet enn bokmålet.

Sjølv om det med avstand mellom skrift og tale er ei subjektiv og til dels abstrakt individuell oppleving, er det ikkje til å komma utanom at bokmålet ligg i ein ende, eller eit hjørne, av det norske dialektmangfaldet.

Dette er akkurat det vi kan forventa om vi samanliknar med andre nasjonalspråk. Hovudstadsmålet er i regelen alltid det mest prestisjefylte, og den varianten som vert snakka av dei høgare sosiale laga, er då særleg prestisjefylt. For Noregs del veit vi at talemålet i Oslo vest (inklusive bydelen Nordstrand) er meir prestisjefylt enn talemålet i Oslo aust: Det er trekk frå Oslo vest som vinn terreng både i Oslo og på store delar av Austlandet.

Det er fullt mogleg å skriva bokmål på ein måte som bryt med den mest prestisjefylte utgåva av språket. Det er eit val bokmålsbrukarar kan gjera. Ein kan velja å bruka a-endingar i preteritum av svake verb (*kasta* mot *kastet*, *jobba* mot

jobbet), ein kan markera fleire substantiv som ho-kjønn (*saka* mot *saken*, *setninga* mot *setningen*), bruka diftongar i større grad (*veit* mot *vet*, *skøyt* mot *skjøt*) og så vidare. Men dette er val som kjem med ein pris. Prisen er at ein markerer avstand mot den prestisjefylte varianten, og dermed, anten direkte eller indirekte, mot dei som sit på toppen av den sosiale rangstigen.

Og denne avstanden markerer ein uavhengig av om dei mindre prestisjefylte vala har støtte i talemålet til den einskilde. Berre det åleine at slik språkleg praksis blir omtala som «radikalt bokmål», fortel oss kva det handlar om.

Med nynorsk stiller det seg annleis. Også innanfor nynorsken er det stor variasjon og valfridom. Men vala ein gjer når ein skriv nynorsk, korrelerer i liten grad med sosial plassering. For dei fleste handlar valet mellom a- og e-infinitiv om dialektbakgrunn, likeins valet mellom *vi* og *me*. Det finst ingen sosial og økonomisk elite som definerer noka prestisjefylt norm for nynorsken. Sett på spissen: Nynorsken er difor egalitær og utjamnande der bokmålet er hierarkisk.

Språkleg sjølvkjensle og levekår

Nynorsken representerer i sosiolingvistisk mein- ing såleis ei anna orientering enn bokmålet. Den ekte delmengda av born utanfor det sentrale austlandsområdet som veks opp med nynorsk som hovudmål, vert ikkje underlagd bokmålshierarkiet på same måte som den ekte delmengda av born som veks opp med bokmål som hovudmål.

Både difor, og fordi nynorsken for mange ligg nærmare talemålet, støttar skriftspråksvarianten opp under den språklege sjølvkjensla til desse individa. Og individ med god sjølvkjensle har det godt med seg sjølv og med andre.

Er det rett og slett der forklaringa til samanfallet mellom dei to karta ligg? At ein større del av folkesetnaden har betre sjølvkjensle i dei områda av landet der nynorsken har vunne terreng? Alternativt: At der egalitære prinsipp har stått sterkt og gitt gode levevilkår, der har også nynorsken fått fottfeste?

Det verkar rimeleg å spela denne ballen over til historikarar og kulturgeografar. Dei kan under alle omstende fortelja oss at ein tradisjonelt har hatt meir klassesdeling på Austlandet, i Trøndelag og i Nord-Noreg enn på Vestlandet.

Takksemd for nynorsk – og for bokmål

I sin tur kan så kulturforskarar godt grunna på kva styrking av hugmedvit gjennom språkleg variasjon og mangfald har å seia. Betre evne til å setja seg inn i andre sin situasjon synest å vera eit godt grunnlag for tankar om likskap og utjamning.

For nynorskborna sin del kan vi uansett seia dette: Vi skal vera glade for at bokmålet finst. Utan bokmålet hadde ikkje desse borna hatt dei fordelane dei etter alt å dømma har. At bokmålsdominansen er sterk, og at ein del av desse borna blir for lite stimulerte på nynorsk, gir grunn til otte, men ein tilstand med berre nynorsk er like fullt ikkje noko språkleg nirvana. Det er i vekslinga

mellom språklege røyndommar at dei verdifulle
røynslene ligg.

EIGEDOMSPRONOMEN OG EIN TRIKKEFØRARS KAMP MOT UKORREKT SPRÅK

De dannedes dagligtale

– Kronprinsesse Mette-Marit er «stolt og glad på de sine vegne» (håndballjentene). I republikken Norge skal vi øve på eiendomspronomen.

Dette kvitra den journalistutdanna trikkeføraren @Madsws 12. august 2012. Det norske kvinnelandslaget i handball hadde akkurat vunne gull i London-OL, og kronprinsessa vart intervjuet om dette på radio. Trikkeføraren har nokre tusen følgjarar på Twitter.

I ei påfølgjande ordveksling mellom @Madsws, augnelækjar @HildeHeger og profilen @oterhals skriv trikkeføraren: «Det var et radiointervju med MM. Og det hørt ut som barnespråk.». Augnelækjaren svarar: «OK, hun må skjerpe seg. Jeg hører til dem som mener at korrekt grammatikk er viktig. Kronprinsesser er intet unntak!» Då legg trikkeføraren til: «Jeg synes faktisk hun kan bruke normale eiendomspronomen når hun prater med Norsk Rikskringkasting», avslutta med eit smilefjes.

@oterhals tek på dette punktet kronprinsessa i forsvar. Han har tidlegare spurt trikkeføraren om også republikken Noreg vil forby dialektforskjellar, og no seier han til @Madsws og @HildeHeger:

– *Språksnobberi. Selv kronprinsesser må få [lov] til å ha dialekt og språklige særegenheter. ... Såvidt jeg vet er «de sine» en form hun deler med mange andre sørlendinger.*

Kor mykje dialekt toler vi?

Er det akseptabelt at ei kommande dronning i Noreg snakkar kristiansandsdialekt? Og om ho no gjer det – slik i tonefall og uttale, må vi då i det minste kunna forventa at ho avstår frå grammatiske særmerke som bryt med det som elles er vanleg i, lat oss seia, dei øvre sosiale lag i hovudstaden? Når ho snakkar? Og når ho i gledesrus over ein norsk idrettsprestasjon gir eit radiointervju?

Toleransen for bruk av dialekt er høg i Noreg. Dette skil oss frå dei fleste andre vestlege land og sikkert frå dei fleste andre land rundt omkring i verda. Når Sigbjørn Johnsen som finansminister har gått på talarstolen i Stortinget i fleire år på rad og lagt fram statsbudsjettet på uforfalska flatbygdsmål, er det eit klart uttrykk for dette. Tilsvarande hadde neppe vorte tolerert i så mange andre nasjonalforsamlingar, altså at ei av dei viktigaste årlege parlamentariske hendingane gjekk føre seg på dialekt.

Sørlandske eigdomsuttrykk i endring

Mette-Marits bruk av «de sine» i ein syntaktisk posisjon der bokmål har *deres* og nynorsk *deira*, er, som @oterhals peikar på, noko som er vanleg

blant sørlendingar. Det er faktisk stor variasjon i systema av eigedomsuttrykk i dialektane på Agder, noko språkforskar Elin Gunleifsen ved Universitetet i Agder dokumenterte i si doktorgradsavhandling frå 2009.

I avhandlinga viser Gunleifsen at kombinasjonen av personleg pronomeren og *sin* er på frammarsj i Kristiansand og erstattar eldre former der det kombinatoriske elementet er *-ses* snarare enn *sin*, altså at eldre former som *hansses*, *hosses* og *disses* blir erstatta av *han sin*, *ho sin* og *de sin* [di sin]. Ein viktig skilnad mellom *-ses* og *sin* er at *-ses* er ubøygd, medan *sin* vert bøygd etter substantivet det står til. Såleis må det i utsegna til Mette-Marit heita anten *disses vegne* eller *de sin-e vegne*, men ikkje *disses-e vegne*.

Dei skriftspråklege formene *deres* og *deira* er uansett ikkje utbreidde i kristiansandsdialekten, og korleis kunne Mette-Marit då ha valt dei på ein naturleg og upretensjøs måte når ho i alt anna ordlegg seg munnleg på nettopp det som er det naturlege talemålet hennar?

Språkrepublikken Noreg

I profilen sin oppgir @Madsws at han er republikanar, noko som også tydeleg kjem fram i kvitringa med kritikk av Mette-Marits possessivkonstruksjon. Når trikkeføraren etterlyser «normale eiendomspronomen», kan vi rekna med at forventninga var det bokmålske «deres». Då kunne det vera freistande å spørja trikkeførar @Madsws om ein i Republikken Noreg kjem til å fiksa på det

ufullkomne inventaret av possessive pronomeren som nettopp *deres* på bokmål gjer seg skuld i.

Dette eigeomspronomenet er nemleg tvitydig mellom 2. og 3. person fleirtal: «Jeg er glad på deres vegne.» vil på kristiansandsdialekt heita anten «Æ e gla på dere sine vegne.» (2. person) eller «Æ e gla på de sine vegne.» (3. person). Nynorsk, svensk og dansk har alle eigne former i 2. og 3. person fleirtal, og det gjeld for dei fleste norske dialektar også.

Svak verbbøying og høgrepolitikk: Går det i hop?

No er det ikkje berre kronprinsesse Mette-Marit som har fått språkleg påpakning frå trikkefører @Madsw. 22. januar 2013 skreiv han følgjande på Twitter:

– Selveste @konservativ snakket i Politisk kvarter om kronikken han hadde SKRIVD. Kunnskapspartiet Høyre har noen runder å gå med seg selv.

«@konservativ» er Twitter-namnet til høgrepolitkar Torbjørn Røe Isaksen. Han er fødd i 1978 og oppvaksen i Porsgrunn. I nedre delar av Telemark er svak partisippform av verbet 'skriva' utbreidd, og dette er såleis ein del av talemålet til Røe Isaksen. At han ikkje vel ei anna form i tråd med gjeldande rettskriving når han deltek i eit radioprogram, meiner altså trikkeføraren er grunnlag for ei intern oppvask sak i partiet Høyre.

Og når @Trondioh, ein Ap-politkar frå Nome,

fortel @Madsw at forma *skrivd* er vanleg i delar av Telemark, og at til dømes Bård Hoksrud neppe hadde sagt «skrevet», repliserer trikkeføraren:

– *Men nå var @konservativ i riksdekkende radio. Ingen andre politikere på dette nivået sier skrivd. ... Hoksrud er Hoksrud, @konservativ er en (ut)dannet mann som nå prøver å overbevise (ut)dannede og meget oppegående velgere.*

Utdanna/danna og oppegående veljarar er altså ikkje i stand til å ta ein konservativ politiskari seriøst dersom han brukar partisippforma *skrivd* i samanhengande tale, meiner trikkeføraren.

Men fortener eigentleg nokon å verta karakteriserte som ‘oppegående’ dersom dei let den svake verbforma *skrivd* stå i vegen for budskapet i det som vert sagt? Torbjørn Røe Isaksen seier sjølv følgjande i ei replikkveksling med trikkeføraren (23. januar 2013):

– *Jeg skriver konservativt bokmål, snakker standard østnorsk med noen radikale innslag. ... Misliker sterkt kategorisering i pent og stygt språk. Klart språk, det er et godt begrep.*

Slik ordlegg etter mi meining ein oppegående person seg.

Verbet som gjekk motstraums

Verbet *skriva*, opphavleg lånt frå latin (*scribere*) i mellomalderen, er forresten eit av få som har gått

frå å ha svak bøyning til å få sterk bøyning i moderne skandinavisk. Islendingane held framleis på den svake bøyinga – det heiter *skrifaði* i både preteritum og preteritum partisipp. Men heller ikkje i talemålet i Nedre Telemark har verbet fått ei gjennomført svak bøyning – mønsteret er *å skrive – skreiv – har skrivd*: Preteritumsforma *skrivde* er ikkje vanleg.

Den vanlegaste utviklinga er at sterk bøyning, dvs. vokalveksling i verbstammen, vert erstatta av svak bøyning. Eit av mange døme er *svømme* (bokmål) / *symja* (nynorsk): På eldre svensk heiter det *simma – sam – har summit*, og også i nynorsk finst det ein mindre brukt sterk variant av verbet: *svemja – svam – har svome*. Det mønsteret reflekterer også den eldre norrøne bøyinga (jf. engelsk *swim – swam – swum*).

Sterk verbbøyning er restane av eit fleire tusen år gammalt regelbunde bøyingsystem med vokalveksling i ordstammen. Den svake verbbøyinga med tillegg av endingar i staden for vokalveksling kom så inn som eit konkurrerande regelbunde system, og etter kvart *vann*, kan vi seia, den svake bøyinga ved at fleire og fleire verb fekk slik bøyning, og ved at alle nye verb også gjorde det.

Men så lenge sterke bøyingsformer førekjem ofte nok, vil nye generasjonar born læra dei, og slik kan restar av det gamle systemet leva vidare. ‘Vera’ er det hyppigaste verbet i dei fleste språk (som i det heile har eit slikt verb), og det er då også uregelbunde på ein eller annan måte i svært mange språk.

Vanens makt versus krafta i det regelbundne

At frekvens er avgjerande, ser vi tydeleg ved possessive pronomen. Mønsteret for eigedomspronomen er sær s uregelrett i norsk. I tabellen nedanfor finn du ei samanlikning mellom norsk (bokmål) og (skriftspråkleg) finsk for dei tre kategoriane subjektsform/nominativ, objektsform/akkusativ og possessivform/genitiv.

		Norsk (bokmål)			Finsk		
eintal	1.	<i>jeg</i>	<i>meg</i>	<i>min</i>	<i>minä</i>	<i>minut</i>	<i>minun</i>
	2.	<i>du</i>	<i>deg</i>	<i>din</i>	<i>sinä</i>	<i>sinut</i>	<i>sinun</i>
	3.	<i>han</i>	<i>ham</i>	<i>hans</i>			
		<i>hun</i>	<i>henne</i>	<i>hennes</i>	<i>hän</i>	<i>hänet</i>	<i>hänen</i>
		<i>det</i>	<i>det</i>	<i>dets</i>			
fleirtal	1.	<i>vi</i>	<i>oss</i>	<i>vår</i>	<i>me</i>	<i>meidät</i>	<i>meidän</i>
	2.	<i>dere</i>	<i>dere</i>	<i>deres</i>	<i>te</i>	<i>teidät</i>	<i>teidän</i>
	3.	<i>de</i>	<i>dem</i>	<i>deres</i>	<i>he</i>	<i>heidät</i>	<i>heidän</i>

Som du ser, er bøyinga heilt regelrett i finsk, medan det i liten grad er slik i norsk: Den einaste tendensen til *system* i bokmål er at ein del former blir laga ved tillegg av ein *-s* på ei av dei personlege pronomenformene (*han-s*, *henne-s*, *dere-s*), og i ein del talemål er denne tendensen endå sterkare, jamfør former som *våres* og *demses*.

At nettopp 1. og 2. person eintal er dei mest avvikande formene i oppsettet, kan vi godt forstå ut frå frekvens: Desse formene førekjem sær ofte i munnleg språk og vil såleis vera noko born lærer tidleg og godt. Då er vilkåra gode for at uregelbundne former skal halda seg.

Og om vi no vender tilbake til Mette-Marits bruk av «de sine vegne», kan vi avslutta med ein merknad om dette eigne ordet *sine*, kjent blant språkforskarar som «garp-genitiv» etter utnamnet «garp» på lågtysktalande hanseatiske kjøpmenn: Dei har nemleg fått den tvilsame æra for å ha bringa denne eigedomskonstruksjonen til språket vårt.

Bruken av *sin* i eigedomsuttrykk er vanleg i store delar av landet, men oftast berre med substantiv og substantivfrasar slik som i *Petter sin bil* og *den gamle mannen sitt hus*. Det at slike konstruksjonar er blitt sær vanlege, er rimelegvis med på å forklara kvifor *sin* i ein del dialektar no også blir brukte der vi elles kunne forventa eit eigedomspronomen. Gjennom både vanens makt – altså mønsteret i ein beslekta konstruksjon – og krafta i det regelbundne, har *sin* trengt inn i systemet av eigedomspronomen i kristiansandsdialekten.

For mange blir det likevel framandt og uvant. Mange klarar fint å leva med det – kanskje ser dei til og med ein verdi i å oppleva slik uventa språkbruk? Andre derimot, slik som trikkefører @Madsws, vert utilpass og krev grammatisk straumlinjeforming og lojalitet mot ei felles, nasjonal norm, for elles går det visst gale.

Ja, ja...

«HVORFOR KLARER IKKE ØSTLENDINGER Å BRUKE SPØRREORD RIKTIG?»

Eg har i mange år no forska på spørjeord og grammatikken deira i norske og nordiske dialektar. Nettet har vore ei interessant empirisk kjelde, og då eg kom over spørsmålet ovanfor som overskrift på ein diskusjonstråd på nettstaden *forum.kvinneguiden.no*, vart eg naturlegvis nyfiken.

Brukaren «Gjest_mari kontrari_*» (heretter «Mari Kontrari») oppretta tråden, og ho trekkjer i det første innlegget sitt fram døme som:

Hvem bil skal jeg velge?

Hvordan farge er fineste?

og spør om dette ikkje først og fremst er noko austlendingar kan finna på å både seia og skriva. Mari Kontrari er ærleg og oppriktig interessert i å vita meir om emnet når ho vidare spør:

Er dette noe som har eksistert lenge, eller er det nytt av det siste tiåret? Er det noen som har lest noe om hvorfor dette brer om seg? Jeg er oppriktig nysgjerrig på dette, og lurar jo også på om jeg er nødt til å venne meg av med å automatisk dra frem «dumme-stempelet» når jeg ser eller hører slike formuleringer.

Diskusjonstråden har i alt 57 innlegg, og det er mange interessante svar og refleksjonar – på godt og vondt! Vi kjem tilbake til det.

Tilbakevendande irritasjonsmoment

At mange har lite til overs for denne typen bruk av spørjeord, er noko eg lenge har visst. Følgjande to sitat er frå ein diskusjonstråd i 2006:

– *Folk som sier hvem bil eller hvem i stedet for hvilket mishandler det norske språk (...) Må alle 'hvem-ere' brenne i helvete!*

– *Hvem bil er jo direkte feil..... Det skjærer i ørene.....*

Omtrent på same tid skriv brukaren «TipeX» i eit anna diskusjonsforum:

– *Hvorfor i alle dager er det blitt så vanlig å bruke feil spørreord i setninger? Jeg ser mange som skriver 'Hvem bil?', 'Hvilken tog?' (...) 'Hvem firma?'. Jeg trodde det å bruke riktig spørreord var verdens enkleste sak. Hvorfor gjør folk slikt?*

og får mellom anna svar frå «CoDEmASTeR»:

– *Hvem bil o.l. høres bare latterlig ut, men det som er skremende [sic!] er at de som skriver det faktisk tror at det er rett...*

Ein annan stad igjen skriv «Professoren»:

– *Eksempelet tidligere i tråden var 'hvem by'. Fortell meg hvem som ikke vet at det er feil. I min dialekt uttales det 'kas' eller 'kalla' i stedet for*

hvilken, men tro det eller ei, jeg vet at det ikke er korrekt rettskrivingsmessig.

Mari Kontrari er altså ikkje den første til å ta opp emnet – det er i høgste grad tilbakevendande. Og mange legg altså for dagen sterke kjensler.

Kvifor slike grammatiske avvik og kvifor slikt engasjement?

Minst to interessante spørsmål reiser seg når ein ser slike utfall mot bestemte former for bruk av språklege uttrykk. Kvifor er det slik at ein del nordmenn brukar *hvem* og *hvordan* i lag med substantiv? Det andre spørsmålet er kvifor så mange hissar seg opp over det. Kvifor er det ikkje like akseptabelt å seia «hvem dag» og «hvordan bil» som «hvilken dag» og «hva slags bil»?

Eg trur nøkkelen til å forstå det siste handlar mykje om språkleg intoleranse og kunnskapsløyse, og språkleg intoleranse heng i sin tur saman med krav om konformitet og manglande respekt for mangfald.

Kan det tenkjast at meir kunnskap om grammatiske fenomen, altså nokre svar på det første spørsmålet, kan bøta på den språklege intoleransen som kjem til uttrykk? Viss fleire hadde kjent til noko av det eg no skal fortelja om spørjeordskonstruksjonane, hadde dei då vore litt mindre opprørte og oppfarande?

Kven veit! Her kjem i alle fall nokre utgreiingar – og litt meir – som ville ha vore mine svar til Mari Kontrari.

Determinativt hvem

Den første setninga illustrerer bruken av *hvem* til erstatning for determinativet *hvilken* (i bokmål). Dette er veldig klart eit austlandsfenomen som er utbreitt i talemåla frå Akershus og Nedre Buskerud og sørover på begge sider av Oslofjorden. På vestsida er det kjent ned til og med Nedre Telemark.

Fenomenet er på ingen måte nytt. Det er nemnt i fleire dialektologiske skrifter frå byrjinga av 1900-talet, mellom anna i Amund B. Larsens avhandling *Kristiania bymål* frå 1907 der han oppgir dette dømet: «Vemm bokser ska jæ ta?»

Mange oslobuarar av i dag vil nok påstå at fenomenet *ikkje* lenger er ein del av oslomålet, men heller tilhøyrrer andre austlandske dialektar utanfor Oslo. Ting tyder på at det stemmer: Eg har sjølv undersøkt fenomenet i ei samling av talemålsopptak frå Oslo gjort på byrjinga av 2000-talet (Notakorpuset). Eg fann då berre fire døme, og i alle tilfelle hadde dei aktuelle informantane tilhøyrslø utanfor Oslo.

Det er mykje spennande å seia om ordet *hvilken*. I denne forma er det strengt teke eit framandord i norske dialektar som har komme inn i norsk frå det danske skriftspråket. Men det finst òg i nedverd form i tradisjonell vikkværske, då som *vekken*, *vikken*, *ekken* og liknande, og i avhandlinga si om Kristiania-målet oppgir Amund B. Larsen slik bøying: *vekken* (hankjønn), *vekka* (hokjønn), *vekke* (inkjekjønn) og *vekke* (fleirtal).

Hokken ska'n godblonke tel?

Eit anna ord som historisk sett har same opphav, er *hokken* (med alternative former som *høkken*, *åkken* o.l.). Dette ordet er meir utbreidd lenger vest og nord på Austlandet, frå indre delar av Telemark vidare til flatbygdene nord for Oslo og inn i store delar av Sverige. I dei aktuelle dialektane tyder ordet 'kven/hvem' slik vi mellom anna kjenner det frå Einar Skjæraasens dikt *Hokken ska'n godblonke tel*.

Men i mange av dialektane kan *hokken* òg kombinerast med substantiv slik at ein til dømes kan seia «Hokken bil er din?». Då blir det altså brukt som *hvilken*, og historisk er dette ein meir opphavleg bruk – bruken av *hokken* som spørjande personleg pronomen til erstatning for noko à la *kven* er ei seinare utvikling.

Det tyder såleis at *hokken* og *hvem* har hatt ei omvendt historisk utvikling: *hokken* har gått frå å bli brukt determinativt saman med substantiv til å (også) bli brukt som pronomen, medan *hvem* har gått frå å vera eit pronomen til også å bli brukt determinativt saman med substantiv. Mange av dialektane i eit stort område på Austlandet har slik sett det same *systemet*: Dei kan bruka det same ordet i to samanhengar, både som determinativ (*hvem/hokken bil*) og som pronomen (*hvem/hokken* åleine, utan substantiv).

Klangen av dialekt – og under ligg eit system

No er det heilt klart slik at *hvem bil* for folk flest har ein heilt annan klang enn *hokken bil*. I det siste tilfellet høyrer – eller ser – ein jo med ein gong at det er dialekt, i og med at *hokken* ikkje er med i det skriftspråklege ordforrådet, verken i bokmål eller i nynorsk. Med *hvem bil* blir det annleis: Her har spørjeordet same form som i skriftspråkleg bokmål, men blir altså brukt på ein måte som er framand for det standardspråklege øyret. Og det er då det blir bråk!

Eit siste poeng når det gjeld determinativt *hvem*, er at ordet aldri blir brukt i spørsmål etter type. Slik sett vil eit spørsmål som «Hvem fisk skal vi ha til middag?» vanskeleg kunna svarast med «torsk» eller «hyse» eller eit anna fiskeslag. Tolkninga ville vera at det er eit spørsmål om kva for ein av nokre bestemte fiskar som skal hamna på middagsbordet. Determinativt *hvem* blir altså brukt til å spørja etter eit eksemplar.

Det er då det er viktig å poengtera at determinativt *hvem* inngår i eit grammatisk system. Det er ikkje tilfeldig kva tid *hvem* blir kombinert med eit substantiv. Og så er det også på sin plass å poengtera at det ikkje ligg nokon tydingsmessige forviklingar her: Eit spørsmål som «Hvem bil er din?» er ikkje noko mindre eintydig enn «Hvilken bil er din?». At eit ord kan ha fleire funksjonar i eit språk, er ikkje noko sjeldsyn.


Adnominalt hvordan

Mange av dei austlendingane som godtek eit eksemplar-spørsmål som *Hvem bil er din?*, vil spørja etter type ved å bruka *åssen* eller *hvordan*, til dømes *Åssen fisk skal vi ha til middag?*. Då er vi over på den andre konstruksjonstypen som Mari Kontrari trekkjer fram, nemleg det vi med fagspråklege termar kan kalla «adnominalt *hvordan*». *Hvordan/korleis* er i skriftspråkleg norsk først og fremst eit adverb: Orda blir brukte til å spørja om måten noko vert utført på, slik som i «Hvordan løste du matteoppgaven?» eller «Korleis kom du deg heim frå festen?».

Medan determinativt *hvem* veldig tydeleg er eit austlandsfenomen, er det slett ikkje tilfelle med adnominalt *hvordan*. Dette fenomenet har nyleg vorte systematisk kartlagt med spørjeskjema i forskingsprosjektet *Nordisk dialektsyntaks*, og hovudfunna der er at det er utbreitt på Sørlandet, Austlandet, Trøndelag og i Nord-Noreg. På delar av Vestlandet avviser derimot informantar det å kombinera dialektordet for *korleis* med eit substantiv.

Regionale skilnader


Sjølv om fenomenet altså har stor utbreiing, er det interessante regionale skilnader på bruken. Hovudtendensen på Sør- og Austlandet er at det berre blir brukt når ein spør etter ein *type* av noko, ikkje etter eit *eksemplar* av noko. Såleis er det mange i dette området som godtek setninga



Kart 1. Informantvurderingar i Nordisk syntaksdatabase av setninga *Korleis bil har du?* (*adnominalt* hvordan med *type-lesing*). Kvite merke markerer positiv gjennomsnittleg vurdering, gråe middels vurdering og svarte negativ vurdering.

«Åssen bil har du?» ('Hva slags bil har du?'), men ikkje «Åssen bil er din?» ('Hvilken bil er din?').

I både Trøndelag og Nord-Noreg er det derimot mange som godtek både type- og eksemplar-



Kart 2. Informantvurderingar i Nordisk syntaksdatabase av setninga *Korleis er din?* (*adnominalt* hvordan med eksemplar-lesing). Kvite merke markerer positiv gjennomsnittleg vurdering, gråe middels vurdering og svarte negativ vurdering.

spørsmålet. Rett nok ser ein somme stader at dei eldre talarane i undersøkingar følgjer det aust-norske systemet og berre godtek type-spørsmålet, medan dei yngre godtek både type og eksemplar.

Karta viser utbreiinga av adnominalt hvordan slik det er kartlagt gjennom ei spørjeundersøking i norske og svenske dialektar. Kartet til venstre viser resultat for setninga Korleis bil har du? (type-lesing), og kartet til venstre resultat for setninga Korleis bil er din? (eksemplar-lesing): Kvite markørar viser ei gjennomsnittleg positiv vurdering, grå markørar ei middels vurdering og svarte markørar ei gjennomsnittleg negativ vurdering.

Historisk utvikling frå norrønt

Både det større geografiske mønsteret og det meir spesifikke mønsteret i nordnorske dialektar peikar på ei interessant utvikling av fenomenet. Viss vi tenkjer oss at *hvordan/korleis* i utgangspunktet ikkje kan kombinerast med substantiv – slik tilbagemeldingane er hjå mange vestlandske dialektalarar – er eit første steg i utviklinga at spørjeordet blir brukt i type-spørsmål slik som på Sør- og Austlandet, altså der ein elles vil bruka *hva/kva slags*. Det neste steget blir så at ein også kan bruka det i eksemplar-spørsmål slik som hjå mange nordanfjells.

Eigentleg er det akkurat dette som har skjedd med ordet *hvilken* i skandinavisk. Det norrøne opphavet til ordet, *hvílíkr*, kunne berre brukast til å spørja etter ein type av noko, og det same var tilfelle med det tilsvarande ordet i andre gamle germanske språk. I løpet av hundreåra har dette endra seg, og i moderne dansk-norsk og svensk blir (*h*)*vilken* berre brukt til å etterspørja eksemplar. Det same gjeld for engelsk *which*.

«Kva slags år gjekk du på Eid?»

Og faktisk ser vi akkurat den same utviklinga for *hva/kva slags* i norsk: Dette uttrykket inneheld jo eit ord som i seg sjølv tyder 'type' (*slag*), men det er ikkje vanskeleg å finna døme på at det blir brukt til å spørja etter eksemplar. Her er eit par slike døme, funne på verdsveven:

Kva slags år gjekk du på Eid da??

luksusproblemet mitt no er å velje kva slags bok eg skal begynne på av dei fire skattane eg lånte med meg

Her skal du skrive hva slags kjendis som er din favoritt, og så får vi se hva kjendis som er best.

hva slags dato og klokkeslett kommer videoene?

Trass i at ein eigentleg godt kan påstå at denne bruken av *kva/hva slags* er «ulogisk» (pga. *slags*), har eg enno til gode å sjå at folk hissar seg opp over det like intenst som når det gjeld *hvem bil* og *åssen farge*. Kanskje er det rett og slett for subtilt? Kanskje er bruken av *hvem* og *åssen/korleis* i lag med substantiv meir markert fordi orda førekjem i ein annan grammatisk kontekst? Med *kva/hva slags* er det snakk om den same grammatiske konteksten, men med ei litt anna tyding.

Andre språk

Verken det samanfallet i funksjonar som determinativt *hvem* representerer, eller det vi ser med adnominalt *hvordan*, er noko særmerkt for norsk. Faktisk var det i norrønt mogleg å bruka det same ordet (*hverr*) både som spørjande personleg pronomen og som determinativ, og dette systemet har vi den dag i dag i færøysk der «Hvør vann kappingina?» tyder ‘Kven vann kampen?’, medan «Hvør leikari skal skiftast út?» tyder ‘Kva for ein spelar skal skiftast ut?’. Fleire slaviske språk nyttar det same ordet for ‘kven’ som for ‘kva for ein’, og vi finn det også i moderne gresk.

Adnominalt *hvordan* er elles utbreitt i islandsk der ordet *hvernig* (opphavleg av *hvern veg*, ‘kva veg’) blir brukt både i måtespørsmål og saman med substantiv i spørsmål etter type. Baskisk, tsjekkisk og hindi-urdu er nokre andre språk der vi finn det same samanfallet.

Såleis er det ikkje noko *unaturleg* ved at vi ser slike samanfall også i norske dialektar. Kanskje er det tvert imot heilt naturleg!

Det er ikkje noko gale med dialekten din!

Tilbake i diskusjonstråden som Mari Kontrari starta, er det eit og anna forvitneleg å lesa. At den første responsen er ei lenke til ein kronikk eg sjølv skreiv om determinativt *hvem* (Dagbladet, 08.09.2012), er sjølv sagt kjekt, men det har neppe påverka diskusjonen nemneverdig: Bidraga varierer frå den velkjende latterleggjinga og avvisinga til

– heldigvis – dei meir reflekterte bidraga. Eit innlegg som inneheld både avvising og refleksjon er følgjande, lagt inn av ein anonym brukar:

Jeg irriterer meg også over feil spørreord. Får helt vondt når jeg hører «hvem bil?», «hvem farge?» osv. «Åssen» er et av ordene jeg hater mest i hele verden...

Så kom jeg til å tenke på at min egen dialekt faktisk legger opp til slike feil. På min dialekt brukes ikke spørreordet «hvilken». Vi sier «korsn farge?» og «korsn da mene du?». «Korsn» betyr både «hvordan» og «hvilken/hvilket»! Det er trist å måtte innse, men dialekten er sånn.

Det er då ein skulle ønskja ein kunne senda vedkommande eit venleg blick og seia: «Nei då, det er ikkje trist i det heile. Det er heilt greitt. Dialekten din er like funksjonell som nokon annan. Ver stolt av dialekten din!»

ROMSA – BYEN SOM IKKJE VILLE VERA SAMISK* EIN POLITISK THRILLER

13. desember 2010 vedtok Tromsø kommunestyre med to tredels fleirtal følgjande:

1. Starte opp arbeidet med å utarbeide en handlingsplan for samisk språk i Tromsø kommune.

2. Handlingsplanen behandles i Tromsø kommunestyre i juni 2011 som grunnlag for å søke om å innlemme Tromsø kommune i forvaltningsområdet for samiske språk.

15 av dei 43 representantane stemte imot. Dei fleste kom frå det borgarlege mindretallet i kommunestyret.

I den statlege ordninga «Forvaltningsområdet for samisk språk» er samisk og norsk likestilte, og alle har rett til å bli møtte av det offentlege på samisk om dei ønskjer det. Det er òg krav om barnehagetilbod på samisk for samiske born, og at samisk læreplan skal gjelda i skulen. Vidare skal vegskilting vera tospråkleg med det samiske namnet først. Kommunane som deltek i forvaltningsområdet, får ekstra løyvingar til tospråkstiltak frå staten. Midlane vert fordelte via Sametinget.

Den vidare politiske soga om forslaget er denne:

* Ein noko forkorta versjon av dette stykket står også på trykk i Nordnorsk Magasin 3/2013

Det same kommunestyret som fatta dei nemnde vedtaka over, vedtok så den 14. juni 2011 å senda ein søknad til Fornyings- og administrasjonsdepartementet om at kommunen skulle bli innlemma i Forvaltningsområdet for samisk språk.

Den 4. juli i dette valåret presenterte så partia Høgre, Framstegspartiet og Venstre ein samarbeidsavtale på 25 punkt for korleis dei ville styra Tromsø kommune etter valet i september 2011. Eitt av punkta var at dei ville trekkja søknaden om innlemming av kommunen i Forvaltningsområdet for samisk språk.

Den borgarlege alliansen vann kommunevalet i 2011. Mange meiner løvnaden om å trekkja søknaden var sterkt medverkande til sigeren. Ordførar frå Arbeidarpartiet og varaordførar frå Sosialistisk Venstreparti vart då erstatta med ordførar frå Høgre (Jens Johan Hjort) og varaordførar frå Framstegspartiet (Anni Skogman). Samtidig vart det også innført parlamentarisme i bykommunen: Øyvind Hilmarsen (H) vart byrådsleiar med fem byråd under seg.

Jonas Stein frå Venstre vart oppnemnd som byråd for næring, kultur og idrett. Ei av dei første oppgåvene hans vart å førebu eit framlegg for det nye kommunestyret om å trekkja søknaden om innlemming i forvaltningsområdet. Framlegget vart vedteke 9. november 2011 mot 17 røyster og søknaden trekt.

Våren 2013 vart det så allment kjent at ordførar Hjort og byråd Stein i kjølvatnet av søknadsskrinlegginga hadde forhandla fram ein eigen avtale med Sametinget om tiltak for å styrka samisk

språk og kultur i Tromsø. Mange av tiltaka, særleg slike som er knytte til opplæring og omsorg, liknar på dei ordningane som er formaliserte i den statlege ordninga «Forvaltningsområdet for samisk språk». Denne avtalen med Sametinget vart vedteken 19. juni. 13 representantar stemte imot.

Rundt desse hendingane i den nære politiske historia i Tromsø knyter det seg mykje dramatikkk og vonde opplevingar for dei det gjeld: den samiske befolkninga. Det kjem vi straks attende til.



Den nære forhistoria

På det tidspunktet soga vår byrjar, i desember 2010, hadde samisk språk allereie vore meir synleg i Tromsø enn i nokon annan by. Ved både Universitetet i Tromsø og Universitetssykehuset Nord-Norge vart tospråkleg skilting på norsk og samisk innført på 1990-talet. Troms fylkeskommune, med hovudsete i byen, hadde for lengst det nord-samiske namnet *Romssa fylkkasuohkan* med på skilt og logoar og anna materiell.

Også Tromsø kommune hadde på det tidspunktet løfta fram samisk språk og det samiske i fleire samanhengar. Då Fokuskvartalet, det nye rådhuset med fleirsalskino og bibliotek, vart opna i 2005, hadde ein sytt for gjennomført tospråkleg skilting, slik som på sjukehuset og på universitetet. Og ikkje minst hadde ein i 2005–2007 spelt særstyredeleg på det samiske i Tromsøs søknad om å arrangera vinter-OL i 2018. Norsk og nordsamisk stod side om side i logoen: Tromsø 2018 / Romsa 2018.

Kommunens tiltak for samisk språk stoppa ikkje der. Samiskspråkleg skuletilbod hadde eksistert sidan 1980-talet, og i 2003 vart den første samiskspråklege klassen for 1.–4. trinn oppretta ved Prestvannet skole, etter at skulen hadde vore ressurskule for samisk sidan 1998. I 2007 opna den kommunale samiskspråklege barnehagen Guovssahas mánáidgárdi eit par steinkast unna Prestvannet skole (*Báhpajávrrri skuvla* på samisk). Denne barnehagen avløyste ein privat samisk barnehage som kommunen hadde gitt tilskot til sidan 1983. Gimle studentbarnehage, driven av Student-samskipnaden i Tromsø, hadde dessutan hatt ei eiga samiskspråkleg avdeling sidan byrjinga av 1990-talet.

Også på kulturfronten hadde ein hatt ei jamn oppbygging av samiske arrangement og tilbod. Universitetet i Tromsø opna sitt samiske kulturhus Árdna i 2004 sentralt på campus-området i Breivika. Frå 2005 hadde Samisk Uke vore arrangert kvart år i samband med den samiske nasjonaldagen 6. februar, med reinkapløp gjennom

Tromsøs gater som eit klart høgdepunkt. Konserter og framsyningar med samiske artistar vart arrangerte med ujamne mellomrom.

Den politiske motstanden

Trass i denne gradvise styrkinga og synleggjeringa av samisk språk i Tromsø over lang tid vekte det sterke reaksjonar då forslaget – og etter kvart vedtaket – om å førebu innlemming i Forvaltningsområdet for samisk språk kom i desember 2010. Anni Skogman frå Framstegspartiet gav følgjande grunngeving til NRK 16. desember 2010:

– Vi vil først og fremst at folk skal lære seg godt norsk. Vi sier konsekvent nei til å forskjellsbehandle nordmenn.

Skogman vart etter valet i 2011 Tromsøs varaordfører. Ein annan representant frå Framstegspartiet, Jan Blomseth – i det private leiar av eit revisjonsfirma – oppgav økonomi som grunn til å vera negativ. Til avisa iTromsø uttalte han dette i desember 2010:

– Dette kommer til å bli en økonomisk bombe ... Det tar minst et skoleår å lære samisk. Skal man ha fri med lønn for å lære språket, vil det koste 450 000 kroner for hver person.

Men sjølv om forslaget om å innlemma Tromsø i Forvaltningsområdet for samisk språk kom frå Arbeidarpartiet, og sjølv om motstanden primært

kom frå borgarleg hald, var det også representantar på høgresida som var for. Magnus Mæland frå Høgre var ein av dei, og 5. desember 2010 sa han til i Tromsø:

– Hele ideen er jo å ta vare på helheten i den norske kulturarven. Samene er urfolk i Norge, og det er historieløst om man bor i Nord-Norge og ikke ser at det samiske er en del av vår egen historie og kulturarv.

Den meir fjerne fortida

For det samiske har ikkje berre ei nær forhistorie i Tromsø. Tromsø har langt tilbake i tid vore ein møteplass for den norske/norrøne og den samiske befolkninga. Dei to folkegruppene har budd om kvarandre, men utover på 1600- og 1700-talet vart den sjøsamiske befolkninga meir og meir konsentrert til Kaldfjorden på Kvaløya og Ullsfjorden og Ramfjorden på fastlandet (ifølgje band 4 av «Tromsø gjennom 10 000 år» skriven av Hallvard Tjelmeland). Andre stader gjekk den samiske befolkninga delvis opp i den norske, slik det skjedde mange stader lenger sør i Nord-Noreg.

Av Friis' etnografiske kart frå 1861 ser vi at det framleis var mange samiskspråklege husstandar i dei nemnde samiske bygdene, men utover på 1900-talet vart det færre og færre som oppgav seg som samiskspråkleg. Etter at den allmenne samiske folkereisinga fekk større fart frå 1980-talet og framover, vart også ullfjordingar og ramfjordingar meir medvitne om den samiske bakgrunnen sin.

Den folkelege motstanden

Men utanfor kommunestyresalen lét ikkje dei negative reaksjonane venta på seg i desember 2010, og dei reaksjonane var alt anna enn diplomatiske. Ein av kommunestyrerepresentantane som offentleg hadde gitt si sterke støtte til prosessen allereie i desember 2010, Tone Marie Myklevoll frå Ap, vart oppringd av ein privatperson og utsett for grove trugsmål og sjikane for sitt syn. Sjølv om dette vart fordømt av politikarar frå alle parti, var det berre ein forsmak på det som skulle komma.

For debattsidene i avisene vart raskt fylte opp av innlegg som argumenterte for og imot innlemming av Tromsø i Forvaltningsområdet for samisk språk, og dette vart ei sak som kom til å prega det lokale nyhendebiletet utover vinteren og våren 2011. Ei rekkje debatt- og folkemøte vart skipa til av alt frå Historisk forening til Framstegspartiet.

Ein underskriftskampanje mot innlemming i forvaltningsområdet vart starta på nyåret av «bygutten» Ulf Johansen, som i eit intervju med iTromsø 8. februar 2011 uttalte: «Ikke én gang har jeg vært kritisk til samene som mennesker. Men nå er det på tide at noen tar til motmæle. At «Tromsø kommune» skal bli til «Romssa soukhan» vil påvirke oss alle. Veldig sterkt! Det må forhindres.» Kampanjen fekk raskt fleire tusen underskrifter.

Samehetsen

Motstanden mot forslaget vart ei salig blanding av forneking av samisk nærvær i Tromsø i notid og fortid og økonomiske argument, men verst av alt: sterke anti-samiske haldningar. Ein anonym nettdebattant skal ha skrive følgjande på iTromsø sine nettsider (ifølgje ein artikkel i nettavisa journalisten.no 12.11.2011):

Samen er som gjøken. Sparker ut eggene til andre fugler, legger sine falske egg i reiret og får andre til å gjøre jobben med å fostre opp ungene.

I eit signert innlegg i Bladet Nordlys 17. desember skriv Agnar Andersen lakonisk:

Siden [muslimene] er blitt vår største minoritet, synes jeg de har større rett enn samene til å få sitt eget språk øverst på veiskiltene. Så kan samisk komme på andreplass og under, på tredjeplass, kan den norske teksten stå. Det samme bør gjøres på orienteringsskiltene ved [Universitetssykehuset Nord-Norge]. Da kan vi skryte av å være det første land i verden som har innført slik demokratisering. Kostnadene kan dekkes ved tilskudd fra Saudi-Arabia.

Kommentarfelttyranniet

Mange av kommentarfelta er no – to år seinare – fjerna frå nettartiklane, og den fulle breidda av sjikanerande innlegg kan såleis ikkje gjenskapast

utan vidare, men her er nokre sitat frå Bladet Nordlys si Facebook-side 1. november 2011.

ka har egentlig tromsø med saman å gjøre.. La dem holde sæ på sitt ega land og la tromsø være NORSKT! (sletta)

Vræng kofta og det som værre e,,,, Tromsø e IKKE samisk, skal heller IKKE være samisk,,,, Kom dokker på vidda om d står om,,,, (sletta)

Det bor mere samer i oslo, gjør oslo samisk da..... (Mona Mjau Utheim)

La saman ha sitt rike der de driver med rein og la oss andre få lov å være de vi er uten samenes innblanding. Vi har klart oss uten dem [i] mange mange år. (Per Nilssen)

Ka det e førr at Tromsø på liv å død skal være samisk...??? [...] Vi bor i et samisk område...?? Æ trur det e saman som bor i et Norsk område. Det e slett ikkje bevist at saman va her først. Tvert i mot. Personlig syns æ saman har fådd førr mye telrette- lagt. Å da tenke æ blandt anna på det million- sluket som hete Sametinget, rettigheta tel land å vann, dispensasjone tel både det ene å det andre. Men det e altså ikkje nok. Nu går dæm laus på byan åsså, å skal ha, skal ha... Man kan jo bli provosert av mindre... (Odd-Erik Larsen)

Diskusjonstråden inneheld også fleire innlegg av personar som tek til motmæle mot dei sjikane-

rande innlegga, og dei to første kommentarane ovanfor er sletta i ettertid anten av redaksjonen eller av brukarane sjølve. Dei er difor ikkje gjengitt her med namn. Dei andre innlegga kunne framleis lesast i juli 2013, og følgjande innlegg signert Gunn-Berit Eilertsen får avslutta tråden.

Må bare si at æ e glad før at vi ikke skal innlemmes i samisk språkforvaltning alikevæl. Før alle de som trur at saken bare gjaldt å få med den samiske betegnelsen på skilt rundt om – dæm tar feil. Det e nemlig bare en bitteliten del av det hele. Det e vel neppe nån som har imot at den samiske betegnelsen åsså kom med på skilt – som f.eks. på UNN. Men det blei protesta da saman forsøkte sæ på at den samiske betegnelsen skulle stå øverst eller fremst på skilt! Så hær åpna vi med å gi dem ei lita utstrakt hand, og i kjent samisk stil slukte dæm hele armen før vi fikk sukk før oss. Før mæ som arbeide i det offentlige vil det innebære at søknada og anna dokumenta som innkomme tel kommun og skreve på samisk, kan dæm med loven i handa forlange å bli svart på samisk. Det tel tross at dæm kan norsk alle sammen. Med andre ord – kommunalt ansatte må lære sæ samisk – og det har æ apsolutt ikkje tenkt æ skal! Å gjennom jobben min har æ sett mange eksempla på korrdan saman forlange og kreve ting vi norske bare blir ståaens å måpe etter – og dæm får det som dæm vil, så æ sir bare «mye vil han mer og fan (saman) vil ha fler..».

Gunn-Berit Eilertsen har nok rett i sin analyse når

ho trur dei sterke reaksjonane kom som følgje av at språkreglane seier at det samiske namnet skal stå før det norske på tospråklege skilt. Debatten kom nemleg raskt til å handla mykje om dette, ikkje minst takka vera media si vektlegging og ein gjennomgåande illustrasjon av eit vegskilt der kommunenamnet står først på samisk. Dei andre delane av analysen til Eilertsen får stå for hennar eiga rekning.

Undertrykkinga

Nokon kvar må forstå at den typen kommentarar som dei ovanfor gjer inntrykk på dei det gjeld. På samar i Tromsø. Og på samar generelt. Eit folk som gjennom meir enn 100 år er blitt utsett for ein kulturell assimileringpolitikk frå det norske storsamfunnet, og som kjempar for å ta vare på det fremste kulturuttrykket dei har: språket.

Dei får altså høyra at dei er nokre storforlangande tjuvraddar, og at Tromsø er for norske nordmenn, ikkje for samar. Dokumentarfilmen *Tilbakeslaget*, vist på NRK i november og desember 2012, inneheld intervju med fleire samar i Tromsø, både «innfødde» og tilflytta, og får godt fram kor nedverdige dei og andre samar opplevde debattklimaet. Som filmen opningsvis peikar på: Til stor jubel hadde Nelson Mandela nokre år tidlegare utropt alle tromsøværingar til afrikanarar («You are now all Africans!»), og så blir same av desse afrikanske tromsøværingane møtte med utsegner som:

Nei no må fjellfinnan pinade skjærpe sæ! De kan bosette seg på Bjørnøya og skape drømmesamfunnet sitt der oppe.

Mange, også ikkje-samar, vart forferda over desse tilstandane i ein by som elles ønskte å framstå som raus og inkluderande. Særleg ille var det at debattklimaet også gjekk ut over born og unge. I rapporten *Samisk språkundersøkelse 2012*, utarbeidd av Norut og Nordlandsforskning, kjem det fram at fleire samiske born og unge i Tromsø har følt seg mobba av både elevar og lærarar i etterkant av valkampen i 2011.

Oppreisinga

Men som det går fram av innleiinga til dette stykket, enda ikkje den politiske saga om Tromsø og samisk språkforvaltning i november 2011. Eit nytt kapittel vart skrive i mars 2013 då ordførar Jens Johan Hjort og byråd Jonas Stein saman med visepresident Laila Vars frå Sametinget la fram ein ferdigforhandla samarbeidsavtale mellom Tromsø kommune og Sametinget om styrking av samisk språk og kultur i Tromsø.

Både Hjort og Stein gjekk tidleg ut etter valet i 2011 og beklaga det debattklimaet som hadde vore, og ordføraren understreka særleg kor ille det var at born og unge var blitt utsette for etnisk motivert hets. Hjort og Stein kalla inn til dialogmøte med samiske lag og grupper i Tromsø i januar 2012. Kort tid etterpå, på Tromsø Sameforenings arrangement i rådhuset på den samiske

nasjonaldagen 6. februar, stilte Hjort i ullsfjordkofte og heldt ein tale på samisk. Kofta var opphavleg gitt til Ap-ordførar Herman Kristoffersen eit tiår tidlegare, men var aldri blitt brukt før. Ingen Tromsø-ordførar hadde heller tidlegare halde ein tale på samisk.

Om samarbeidsavtalen med Sametinget vart framforhandla på grunn av dårleg samvit, kan ein berre spekulera i, men ein skal ikkje stikka under ein stol at løysinga godt kan visa seg å vera langt betre for bykommunen Tromsø enn om kommunen hadde lagt seg inn under Forvaltningsområdet for samisk språk. No vert ein ikkje underlagd dei spesifikke reglane som er tilpassa landkommunar med langt større andel samiskspråklege, og ein står såleis friare til å utvikla eigne og formålstenlege tiltak. Lat oss håpa på det!

Men følgjande ligg likevel fast: Medan kommunar i språkforvaltningsområdet automatisk får ei millionoverføring frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet via Sametinget til språktiltak, må Sametinget no kvart år vedta overføringar til Tromsø spesifikt og det må haldast opp mot andre gode formål.

Den prinsippfaste motstanden

Det interessante er likevel at med samarbeidsavtalen mellom Tromsø kommune og Sametinget kom motstanden mot særlege tiltak for samisk språk på nytt fram. I avisene dukka det no atter opp negative lesarinnlegg, og Hjort og Stein vart skulda for å ha svike både veljarane og det bor-

garlege samarbeidet mellom Høgre, Venstre og Framstegspartiet.

Då avtalen vart kjend 12. mars 2013, kvitra stortingspolitikar Øyvind Korsberg (FrP) på Troms-benken følgjande på Twitter: «Tromsø k[o]mmune gjør avtale med sametinget. Så var det 'borgelige' samarbeidet i Tromsø over.» Lokalt i Tromsø tok gruppeleiar Jan Blomseth ballen og sa det slik til i Tromsø:

Både vi og Høyre gikk til valg på at vi skulle stoppe innlemmelsen av samisk språkområde. Det som skjer nå er at det omtrent bare [er] overskriften på avtalen som er endret. Det Høyre – med ordføreren i spissen – gjør, er å tilfredsstille et mindretall ved å svikte majoriteten. Dette er et svik mot dem som stemte på Høyre.

Men etter krav frå FrP om konsekvensutgreiingar, og medfølgjande utsett handsaming i kommunestyret, vart altså samarbeidsavtalen vedteken 19. juni 2013. Mot stemmene til Framstegspartiet – men det borgarlege samarbeidet braut ikkje saman likevel.

Stad for stad må gjennomgå helvetet

Motstand mot synleggjering av samisk språk gjennom skilting er ikkje noko nytt. Då Kåfjord kommune i Nord-Troms 1. januar 1992 gjekk inn i Forvaltningsområdet for samisk språk, vart det tospråklege vegskiltet med kommunenamnet raskt utsett for hærverk: Den øvste delen av skiltet, Gái-

vuona suohkan, vart både tilgrisa og skote på så mange gonger at det vart uleseleg, medan den nedste delen, Kåfjord kommune, fekk stå i fred.

Ei tilsvarande, om enn mindre påakta historie, kan forteljast frå ein kommune i Sør-Troms. Då eit forslag om samisk skilting i ei bygd i Skånland kom opp i år 2000, førte det til ein underskriftskampanje *mot* skilting, og forslaget vart skrinlagt.

Også i Bodø vart det mykje bråk i 2010 då eit einsleg skilt med det lulesamiske namnet på byen – Bådådjo – vart sett opp under det norske på innfartsåra til byen. Skiltet har fleire gonger vorte utsett for hærverk og tilgrising, og det har jamvel vorte skrudd ned og fjerna.

Gáivuotna/Kåfjord er i ettertid blitt ein motor for sjøsamisk språk og kultur. Bygda Olmmáivággi/Mannalden huser kulturbygget Ája med organisasjonen Senter for nordlige folk, og den årvisse urfolksfestivalen Riddu Riddu er blitt nasjonal knutepunktfestival og eit viktig varemerke for kommunen. Skiltet som vart sundskote, heng no på Tromsø museum som eit dokument over ei tid som er forbi.

I Skånland stilte i 2010 eit samrøystes kommunestyre seg positiv til samisk skilting i kommunen, og den årvisse festivalen Márkomeannu er blitt eit viktig uttrykk for samisk kultur i grenseområdet mellom Troms og Nordland fylke.

Sjølvsforakta

Om det også kan roa seg i dei større byane Bodø og Tromsø, får tida visa. Det store spørsmålet er

likevel: Kvifor skjer dette? Kvifor kjem anti-samiske haldningar så ofte til uttrykk ulike stader i Nord-Noreg?

Sjølvsagt har ikkje ALLE nordlendingar djupe fordommar mot det samiske, men det at eit så stort mindretal av befolkninga i det heile torer å gi til kjenne så sterke anti-samiske haldningar, gir grunn til otte, for då er det mange som anten deler meiningane eller ikkje bryr seg.

Kan det vi har vore vitne til i Tromsø dei siste par åra, ha si forklaring i dårleg sjølvtilitt i den nordnorske befolkninga? Eg trur det er ein del av forklaringa. «Etnisk norske» nordlendingar har kjent seg underlegne «søringar» og tek det ut på dei som kjem lenger ned på rangstigen, det vil seia på samar og kvenar.

Og den dårlege nordnorske sjølvkjensla er velkjend. I eit intervju med vekeavisa Dag og Tid 4. november 2011 fortel den nordnorske lyrikaren Helge Stangnes følgjande: «Nordlendingane har hatt eit dårlegare sjølvbilde enn folk sørpå. Den fyrste som bruka nordlandsdialekten på radio, var Carl Bertheussen frå Hillesøy, det var i åra like etter krigen. Føredraga hans var populære på Sørlandet, men nordlendingane slo av apparatet i skam over målet sitt.»

Mykje har rett nok skjedd sidan då. I artikkelen «Nord-Norge 1945-2012 – fra kulturell koloni til base for motkultur» i Nordnorsk Magasin 1/2013 gjennomgår Leif Arne Heløe den kulturelle og intellektuelle mobiliseringa som har gått føre seg i Nord-Noreg i etterkrigstida. Han peiker på den utbreidde motstanden mot – og latterleg-

gjeringa av – etableringa av institusjonar som Festspillene i Nord-Norge, Hålogaland Teater og jamvel Universitetet i Tromsø. Kva skulle vel nordlendingar med slikt?

Kanskje er det den same mekanismen som slår ut også i relasjonen mellom «norske» nordlendingar og samar: Kva skal vel samane med eigne kulturinstitusjonar? Kva skal vel dei med tiltak som bidreg til at dei kan oppretthalda sitt språk og sin kultur?

Men sjølv om nordlendingars sjølvbilete sikkert er blitt styrkt dei siste 50–60 åra, tyder det ikkje at ein er kommen i mål. Kort tid etter kommune-styrevalet i 2011 sa ein ung, oppegående tromsøpolitikar til meg: «De e i utgangspunkte kjipt å være nordlending. Viss du i tillegg e same! ...» Med det sa han to ting: 1) Han stadfesta den dårlege nordnorske sjølvkjensla og 2) han plasserte samar under nordlendingar i hierarkiet.

Stoltheit for eige mål

Og det er gjennom språket den unge mannen og alle andre nordlendingar blir identifiserte som nettopp nordlendingar. Ved dialekten. Den dårlege sjølvkjensla er innbakt i språket. Skal ein få opp sjølvkjensla, må ein difor etablera ei stoltheit for eige mål.

Det same gjeld for samar. Samar må føla at språket deira har ein verdi. Kvifor skal dei elles halda på det? Kvifor skal eit samisk barn som er i eit norskdominert språkmiljø, satsa på å også til-eigna seg samisk, viss samisk ikkje har nokon

verdi? Synleggjering i det offentlege rom gjennom skilting og bruk i forvaltning er då viktige symbol på at språket faktisk har ein verdi.

Først når folk i nord får betre sjølvkjensle, vil dei bli i stand til å verdsetja det unike kulturelle mangfaldet som landsdelen har å by på. Og først då vil befolkninga makta å setja ut i livet den satsinga som styresmaktene ønskjer for landsdelen. Då er kunnskap viktig. Kunnskap om språk, kultur og historie.

GRUNNLAGET FOR SAMISK SPRÅK*

Dei samiske språka er trua og kan forsvinna. Det er i hovudsak to grunnar til dette:

- 1) Dei samiske språka har få og til dels svært få talarar.
- 2) Det er for få born som veks opp og lærer samisk flytande til at det noverande talet på morsmåltalarar kan haldast oppe: Rekrutteringa er ikkje berekraftig.

Immateriell kulturarv

Dersom dei samiske språka døyrt ut, forsvinn ein viktig del av norsk og nordisk immateriell kulturarv, det vil seia slik kulturarv som ikkje kan knytast direkte til gjenstandar. Samane sjølve mistar det viktigaste kulturuttrykket sitt, og alle vi andre mistar sjølve limet i den grenselause kulturen på Nordkalotten og i Skandinavia.

Ønskjer vi det? Viss ikkje, er spørsmålet kva vi kan gjera for å hindra det. Svaret ligg i pkt. 2 ovanfor: Vi må syta for at fleire samiske born og unge får høve til å læra seg samisk og bli funksjonelt tospråklege i samisk og majoritetsspråket, om det no er norsk, svensk, finsk eller russisk. I vår mo-

* Dette stykket stod som kronikk i avisa Nordlys 5. mai 2013. Det er berre gjort mindre endringar her.

derne tid vil det seia å meistra språka både skriftleg og munnleg.

Svært få talarar

UNESCO har alle dei ni nolevande samiske språka på si liste over trua eller svært trua språk.

Språkgruppa har ifølgje databasen Ethnologue til saman ca. 25 000 talarar. Om lag 21 000 av dei snakkar nordsamisk – dei resterande 4000 fordele seg på dei andre åtte språkformene: sørsamisk, umesamisk, pitesamisk, lulesamisk, enaresamisk, skoltesamisk kildinsamisk og tersamisk. Ume-, pite- og tersamisk har alle mellom 10 og 50 talarar att. Den siste talaren av akkalasamisk på Kola skal ha døydd i 2003, men framleis finst det moglegvis att ein morsmålstalar i Lovozero.

Det sjøsamiske språket som ein gong vart tala langs kysten av Noreg frå Nordland til Finnmark, er for lengst forsvunne, og verken ume-, pite- eller skoltesamisk har lenger talarar som har vakse opp på norsk territorium. I dag finst det berre talarar av sørsamisk, lulesamisk og nordsamisk i landet vårt.

Inga anna språkgruppe i Europa har samla sett så få mormålstalarar som den samiske. Gruppa dannar eit samanhengande belte av språk og dialektar som vi minst kan samanlikna med dei nordiske språka, altså islandsk, færøysk, norsk, dansk, svensk og dialektar av desse. Men til samanlikning talar om lag 22 millionar menneske eit nordisk språk – dei fleste norske dialektar har fleire talarar enn alle dei samiske språka til saman.

Utan borna døyr språket!

Det er likevel ikkje berre storleiken på eit språk som avgjer om det er trua eller ikkje: Det er først når born og unge ikkje lenger lærer språket, at det verkeleg er på veg til å bli historie. Heller ikkje på det området er statistikken god for samisk, sjølv ikkje i Noreg.

I 2008 var det ifølgje Statistisk sentralbyrå 997 elevar som hadde nordsamisk som førstespråk i den norske grunnskulen. 27 elevar hadde lulesamisk og 19 sørsamisk. Vidare var det same år høvesvis 573, 36 og 68 elevar med nord-, lule- og sørsamisk som andrespråk.

Jamt over er det først og fremst førstespråks-elevar som blir funksjonelt tospråklege og oppnår ein fullgod skriftleg og munnleg kompetanse i språket. Skuletala er låge. Dei er ikkje høge nok til å halda oppe det noverande talet på samisktalande. Sjølv om det er stor usikkerheit om det faktiske talet på samisktalande i Noreg, kan ein rekna med at ca. 15 000 snakkar nordsamisk som morsmål, og at lulesamisk og sørsamisk har rundt 300 morsmålstarar kvar.

Samtidig finst det truleg minst like mange som reknar seg som samar utan at dei meistrar eit av språka.

Ikkje berekraftig rekruttering

I den norske befolkninga er om lag 13 % av befolkninga heile tida elevar i grunnskulen. Det gir eit forholdstal på 1 : 7,7. Med det som utgangspunkt kan vi slå fast at talet på samiske skuleelevar

i dag ikkje er nok til å halda oppe det talet på samisktalande i framtida.

Dersom vi gangar tala på samiske førstespråkselevar med 7,7, er dei mange nok til å halda oppe populasjonar på høvesvis 7 677 (nordsamisk; $997 \times 7,7$), 208 (lulesamisk; $27 \times 7,7$) og 146 (sørsamisk; $19 \times 7,7$). Slår vi saman første- og andrespråk, får vi litt betre tal: 12 089 (nordsamisk), 485 (lulesamisk) og 670 (sørsamisk).

Same kva vi vel, ser vi at tala for nordsamisk ikkje gir berekraft. Faktisk er både sør- og lulesamisk betre stilte enn nordsamisk etter desse spekulasjonane, men her er tala uansett så låge at dei må reknast som høgst usikre.

Kvart einaste barn er viktig!

Det vi i alle tilfelle kan fastslå etter denne talknusinga, er at kvar einaste elev som får opplæring i eit samisk språk, er viktig for vidareføringa av samisk. Det skal ikkje så mange til før det gir utslag på statistikken og berekrafta!

Det å få opp talet på elevar med samiskopplæring, først og fremst førstespråkselevar, er difor særskild viktig. Men det krev ekstraordinære tiltak. Det må jobbast på mange plan, både med offentlig tilrettelegging og med haldningar. Både samar og majoritetsbefolkninga må sjå og føla verdien av at samisk språk blir vidareført. Generell synleggjing har då ein viktig symbolsk verdi.

Fleire samiskspråklege barnehagar og skuleklassar må vidare følgjast opp med styrking av den pedagogisk kompetansen: Samiske foreldre

bør ikkje uroa seg for at eit samiskspråkleg skuletilbod held eit lågare fagleg nivå enn eit norsk-språkleg tilbod.

Utanfor kjerneområda

Det ligg ei særleg utfordring for arbeidet med samisk språk i det at mange samar no bur utanfor det dei fleste oppfattar som det samiske kjerneområdet, då gjerne i meir folketette strøk der dei utgjer ein brøkdel av resten av befolkninga.

Her ligg samtidig det største potensialet for rekruttering av fleire unge talarar av samisk. Det er difor heilt på sin plass med ein særleg innsats i nettopp desse områda.

FLEIRSPRÅKLEGHEIT – KOSTNAD ELLER INVESTERING?

28. mars 2013 trykte Aftenposten ein artikkel om fleirspråklegheit der eg var intervjuua. I artikkelen uttalte eg at norske politikarar ikkje verdset det fleirspråklege, men først og fremst er opptekne av at minoritetsborn og -unge skal læra seg godt norsk. Eg viste til at tospråkleg opplæring gir betre skuleprestasjonar allment, noko mellom anna ein samanliknande dansk-svensk studie nyleg har påvist.

Kommentarfeltet vs. «forskrudd politisk korrekt forsker»

Nettversjonen av artikkelen har over 100 innlegg i kommentarfeltet. Her følgjer nokre smakebitar.

– «Pekingneser»:

Det er tull og tøys fra politisk korrekte »forskere» at barn må lære et annet språk først slik at de kan lære å snakke bedre norsk. Folk som går rundt og tror på dette sprøytet bør ikke kunne kalle seg «forskere» Og hvordan noen kan komme på noe slikt er ganske utrolig. De som er best å prate norsk i Norge, er etniske nordmenn som ikke har lært noe annet språk først, men som har vokst opp med norsk. Det samme gjelder for andre land og andre språk. Hvordan kan da noen som kaller seg «forskere» finne ut at Barn må lære seg et annet språk først for å kunne snakke godt norsk ? Å lære flere

språk er ok, men for dem som bor i Norge så er norsk det nye «morsmålet» Og det skal læres først,

– «Gjest»:

Den norske skolen må befris fra forskrudedde forskere. Feberfantasiene om at morsmålsundervisning styrker fremmedspråklige har ødelagt mye, ikke minst troen på forskerne. Mange forskerne fremstår som ikke noe annet enn forkledde venstreradikale med politisk agenda.

– Jarle Erikson:

At den norske stat skal sørge for undervisning i mors-målet til innbyggerene i staten er det neppe noen som disputerer.

At den norske stat skal bekoste undervisning i morsmålet til innvandrere er derimot komplett uforståelig for meg. Dersom disse menneskene har valgt å flytte til Norge bør en forvente at de retter seg etter norsk kultur og lærer seg norsk. Vil de at ungene skal lære morsmålet til faren får de bekoste dette sjøl av nettointekta si, jeg og de fleste andre som betaler heftige skatter er faktisk ikke positive til å betale for at unge Mohammed skal lære urdu. Dette koster skjorta for det norske skolevesenet og vi har faktisk ikke råd til å holde oss med slikt dill i lengden!!

– Roy Georg Abrahamsen:

Eeee bor vi ikke i Norge? Er det ikke norsk det offisielle språket og det alle skal lære på skolen. Skal ikke være mye norsk igjenn her i dette landet om 30 år til. Tusen takk ap for og ha ødelagt landet.

Eit lite mindretal av kommentarane går til rette med kritikarane og gir si støtte til den overordna budskapet i artikkelen. Vi kan ta med dette innlegget frå «Lærærn»:

Som lærer (i norsk) for minoritetsspråklige voksne ønsker jeg å dele en observasjon som ikke er uvanlig for endel av mine elever: Barna deres går i norsk skole eller barnehage, og blir raskt flinkere enn foreldrene i norsk. MEN: ordene er nødvendige ikke bare for å kommunisere med andre, men også for å bære tanker, og for å tenke (og uttrykke) avanserte tanker og for å få et avansert begrepsapparat kreves ofte et større ordforråd enn det barna får gjennom skolegangen sin. De fleste av oss får disse begrepene primært gjennom å høre på og snakke med foreldrene våre eller andre morsmålsbrukere av et språk. Det vil derfor ofte være den beste måten for barn med minoritetsspråklige foreldre å få et avansert begrepsapparat ved å lære foreldrenes morsmål godt, parallelt med at man lærer norsk på andre arenaer, og så vil man gradvis også lære seg de norske ordene for de begrepene (tankene) man allerede har på foreldrenes morsmål.

Kva seier politikarane?

Det er ei stor utfordring å få til sakleg diskusjon gjennom kommentarfelt på nettartiklar. Dei osar som regel av framandfrykt og bidragsytarar med manglande evne og vilje til å ta til seg kunnskap. Men Aftenposten følgde opp saka: Dagen etterpå

kom ein ny artikkel der dei hadde intervjuet tre politikarar frå ulike parti.

Utdanningspolitisk talsmann i FrP, Tord Lien, stilte seg tvilsam til forskinga eg viste til, og sa: «Hovedmålsettingen for de unge er å komme ut i arbeidslivet, og da må fokuset være på de som sliter. Forskning viser at jo flere språk disse barna holder på med, og sliter med, jo sterkere blir følelsen og fravær av mestring.» Han understreka vidare at det er eit ressursspørsmål, og meinte at det luraste er å prioritera norskopplæringa.

Utdanningspolitisk talskvinne i Ap, Marianne Aasen, sa seg einig med Tord Lien og uttalte: «Det viktigste for oss er at alle barn blir gode i norsk. Arbeiderpartiet ønsker ikke å innføre morsmåloplæring til alle som har et annet morsmål enn norsk. Hvis man har behov for dette, og det er faglig viktig, får man tilbudet.»

Utdanningspolitisk talskvinne i Høgre, Elisabeth Aspaker, uttrykkjer interesse for forskinga eg viser til, men også ho ser strukturelle utfordringar: «Vi må ta til oss denne type forskning og se på hvordan den skal få konsekvenser for norsk skole. En utfordring er tidsknipa og hva man skal få tid til, og fra hvilke fag man skal ta timene fra».

Skottar på offensiven

Eit par månader før intervjuet i Aftenposten hadde eg fått godt høve til å reflektera over norsk

språkopplæringspolitikk. 4. februar 2013 deltok eg nemleg på eit kveldsarrangement i det skotske parlamentet i Edinburgh. Temaet var skotske og europeiske perspektiv på tidleg språklæring og fleirspråklegheit, og ramma for tilskipinga var diskusjonen rundt eit parlamentarisk forslag om å innføra ein ny fleirspråkleg opplæringspolitikk i den skotske skulen.

Forslaget går ut på at alle born skal få læra eit anna språk enn hovudspråket allereie i første trinn (P1) og sidan eitt andre andrespråk seinast frå og med femte trinn (P5). For dei aller fleste skotske elevar er engelsk hovudspråket – eit lite mindretal har gælisk som hovudspråk. I forslaget ligg det at det skal vera fleksibelt og lokalt tilpassa kva dei to andrespråka skal vera: Det kan vera dei tradisjonelle større europeiske språka som fransk, spansk og tysk, eller det kan vera ulike morsmål dersom forholda ligg til rette for det.

I eit britisk perspektiv er dette eit sær sars offensivt forslag. Sjølv om også den engelske regjeringa har varsla at andrespråksopplæring frå 2014 vil bli obligatorisk frå sjuårsalderen, har dei britiske skulesystema tidlegare ikkje vore kjende for å vektleggja framandspråksopplæring.

Det norske språkopplæringsregimet

Mitt bidrag på arrangementet var eit femten minutt langt innlegg der eg gjorde greie for norske språkforhold allment og om språkopplæring i den

norske skulen. Eg fortalde at norske born startar med litt engelskopplæring i første trinn og at dei får tilbod om eit andre framandspråk frå åttande trinn. Eg fortalde vidare at dei fleste norske born blir godt funksjonelle i engelsk, men at det andre framandspråket kjem for seint, og at opplæringa ikkje er omfattande nok til at det anna enn unn-taksvis gir god meistring.

I første omgang kunne ein kanskje tenkja at norske born alt i dag får ei like offensiv språkopp-læring som det skottane er i ferd med å innføra. Men det er berre nesten. Ein viktig skilnad ligg i det andre framandspråket: Skottane snakkar altså om å innføra det seinast i femte trinn og som eit obligatorisk emne. I Noreg kjem det andre fra-mandspråket tre år seinare – som eit valfag.

Og også når det gjeld det første andrespråket, er det ein skilnad: Dei fleste norske born har allereie vore eksponerte for engelsk når dei byrjar på sku-len, og ein kan spørja seg om det eigentleg er eit *framandt* språk dei lærer. Til den skotske møtely-den understreka eg at det at norske ungdommar blir gode i engelsk, kjem vel så mykje – og kanskje meir – av den sterke anglo-amerikanske påverk-naden på den norske populærkulturelle kvarda-gen. Skulen kan på ingen måte ta æra åleine.

Skottane fekk òg høyra litt om lovfesta rettar til språkoppplæring i det gjeldande norske systemet. At samisk er det einaste førstespråket utanom norsk heimla ved lov, og at tilbod om dette blir

gitt innanfor Forvaltningsområdet for samisk språk og dessutan i nokon mon i byar som Tromsø og Oslo. At samisk som andrespråk blir undervist dei same stadene. At tilbod i finsk må givast i skular i Nord-Troms og Finnmark dersom det er tre eller fleire elevar som ønskjer det. At det blir undervist i norsk teiknspråk som førstespråk for elevar som har det som morsmål, eller som elles treng det.

Opplæring i andre minoritetsspråk ut over dette er ikkje heimla i lover og reglar i Noreg. Det blir likevel gitt opplæring i om lag 150 andre språk i den norske skulen der dei største er urdu, somalisk, arabisk og polsk. Mykje av denne morsmålsundervisninga har likevel følgjande formål: Å vera ei støtte fram til borna vert rekna som gode nok i norsk til at dei kan følgja vanleg norskspråkleg undervisning. Når det skjer, vert morsmålsopplæringa avslutta.

Målet med morsmålsundervisning i den norske skulen er altså ikkje å gjera dei lese- og skrivekunige på morsmålet, å gjera dei funksjonelt tospråklege på morsmålet og på norsk. Sett på spissen er målet å hindra at dei dett heilt av lasset på skulen på grunn av manglande norskkunnskapar. Utsegnene til dei utdanningspolitiske talspersonane frå FrP og Ap i Aftenposten to månader seinare stadfesta denne politiske haldninga.

Gælisk-klassar med suksess

Eg var ikkje den einaste som hadde innlegg i det skotske parlamentet den februarkvelden i 2013. Blant dei seks andre som snakka, var Fiona O’Hanlon frå Edinburgh-universitetet. Ho presenterte ein studie av eit opplæringsprogram med gælisk som hovudspråk, *Gaelic Medium Education*. I praksis er dette eit tospråkleg gælisk-engelsk opplæringsprogram, og når forskarane samanlikna elevar frå dette programmet med elevar frå eit einspråkleg engelsk opplæringsprogram, gjorde dei ei oppsiktsvekkjande oppdaging: Sjølv om dei tospråkleg gælisk-engelske og einspråkleg engelske elevane på 7. trinn låg på same nivå i lesing på førstespråket, altså høvesvis gælisk og engelsk, viste det seg at dei tospråklege elevane hadde *betre* lesekunnskapar i engelsk enn dei einspråkleg engelske!

Resultata var balanserte for sosio-økonomiske forhold, og det er eit par ting ein kan dra lærdom av frå studien. Før det første viser det seg at tospråkleg opplæring ikkje øydelegg for opplæring i majoritetsspråket. Det kan leggjast til her at ein god del av dei tospråkleg gælisk-engelske elevane har engelsk som førstespråk og kjem frå einspråkleg engelske heimar. Det at dei vert sette til å læra eit anna språk i tillegg til engelsk alt frå første trinn, synest altså å ha ein positiv effekt på *førstespråket* deira.

Tolmod for språklæring

For det andre bør ein ha litt tolmod. Kva gjer det om minoritetsspråklege born ikkje er på same nivå i majoritetsspråket som dei majoritetsspråklege i dei første skuleåra, viss dei blir *betre* enn dei majoritetsspråklege seinare i skuleløpet? Det er jo først i utdanning og arbeidsliv det blir viktig ha gode kunnskapar i majoritetsspråket.

Så når Tord Lien og Framstegspartiet har slik sut for at dei minoritetsspråklege borna må klara seg godt i det norskspråklege arbeidslivet, bør dei ta inn over seg at ei investering i morsmålsopplæring på barnetrinnet kan gi god utteljing seinare i skuleløpet. Marianne Aasen og Arbeidarpartiet bør innsjå at morsmålsopplæring er viktigare enn at ho berre skal vera støtteopplæring når eleven manglar tilstrekkelege norskkunnskapar.

Fleirspråklegheit som investering

Elisabeth Aspaker og Høgre har no som leiande regjeringsparti dei neste åra gode høve til å utforma ein ny og offensiv språkopplæringspolitikk der ein kan leggja til rette for fleirspråkleg opplæring for fleire, både for dei borna som allereie har kunnskapar i eit anna språk enn norsk, og for einspråklege norske born.

Omfattande psykologisk og lingvistisk forskning dei siste tiåra har avdekt at tospråklege born har utviklingsmessige fordelar framfor einspråklege.

Dei utviklar tidlegare hugmedvit (mentaliser- ingevne), det vil seia evna til å forstå at andre menneske kan tenkja annleis enn dei sjølve. Dei utviklar også tidlegare og betre evne til å planleggja og styra handlingar og til å skifta fokus (utøvande kontroll). Og den metaspråklege kompetansen blir også styrkt, det vil seia medvit om strukturelle forhold i språk og skilnader mellom språk.

Variert språkstimulering har såleis effekt på meir enn berre språk. Og studiar viser dessutan at lese- og skriveopplæring på begge språk styrkjer desse positive effektane hjå tospråklege born. I det perspektivet handlar morsmålsopplæring for minoritetsspråklege born om å henta ut eit potensial som allereie ligg der, i og med at desse borna alt kan eit anna språk enn norsk når dei byrjar på skulen. Det handlar om å byggja einskildindivid på den beste måten.

Men då må ein ikkje gi etter for den fåkunna og frykta for mangfald som så ofte viser seg i kommentarfelt på nettartiklar – og som truleg i nokon mon reflekterer haldningar til «folk flest». Då må ein innsjå at ein heller ikkje på dette feltet kan synsa seg fram til kva som er det rette, men at politikktutforminga bør vera reflektert og kunnskapsbasert.